



Årsrekneskap og styrets beretning

Årsrapport 2025



Innhald

Samle og engasjere heile Noreg	5
Styrets årsmelding 2025	8
Innleiing	9
Styrets arbeid	10
NRKs oppdrag	10
Strategi	12
Medieutviklinga	14
Inntekts- og kostnadsutvikling	16
Inntekter	16
Kostnader	16
Balanse	17
Likviditet og kontantstraum	17
Kommersielle rammer og sponsormiddel	18
Organisasjon	19
Berekraft	20
Fremjar likestilling og hindrar diskriminering	22
Tilstand for kjønnslikestilling	22
Arbeid for likestilling og mot diskriminering	22
Organisasjonsutvikling	26
Leiarutvikling	27
Normannsløkka	28
Utgreiing av aktsemdsvurderingar etter openheitslova	28
Styreansvarsforsikring	28
Styresamansetninga	29
Endringar i leiinga	29
Resultatdisponering	29
Framleis drift	29
Årsrekneskap for 2025 med notar	30
Melding frå uavhengig revisor	53
Utgreiing av aktsemdsvurderingar etter openheitslova	55
1. Innleiing	55
2. Kartlegging og vurdering av negativ påverknad/skade	55
3. Andre tiltak og aktivitetar	56
4. NRK Aktivum AS	57
Nøkkeltal 2021-2025	58
Økonomisk utvikling, NRK konsern siste fem åra	60
Kostnadsutvikling NRK AS siste fem åra	62
Del til norske TV-produsentar	64
Nøkkeltal siste fem åra	65

Samle og engasjere heile Noreg

Med smarttelefonar og breiband i nesten alle norske heimar kan det verke som den digitale medierevolusjonen er fullført. Men me er berre ved byrjinga. Publikum kan velje og vrake i tilbod døgnet rundt. Og mange brukar fleire timar dagleg på mediekonsum – akkurat når det passar dei.



Vibeke Fjirst Haugen
Kringkastingssjef

For å lykkast med NRKs oppdrag må me tilpasse oss ein digital og brukarstyrt mediekvardag. Saman med dei andre redaktørstyrte media i Noreg konkurrerer me direkte med globale aktørar som Facebook, TikTok, Netflix og Spotify. Saman må me ta fleire modige steg ut i det valbare.

Me som jobbar i NRK i dag, står på skuldrene til pionerane som først bygde ut radioen for 100 år sidan. Me står i takksemi til dei som introduserte fjernsynet for 70 år sidan, til dei som løfta NRKs tilbod då kringkastingsmonopolet vart avvikla rundt 1990, og til dei som først tok NRKs innhald ut på nettet. Då, som no, ser me det som ei hovudoppgåve å samle og engasjere alle som bur i Noreg. Derfor set me aktuelle tema på dagsorden kvar veke. Publikum får dette innhaldet kringkasta både på radio og TV, og i appane våre.

Fellesskapsmidlane må brukast til beste for publikum. Når publikums mediebruk stadig blir meir digital, må NRK møte denne utfordringa. Me må sikre at me er relevante for publikum på dei digitale plattformane våre – NRK TV, NRK Radio og NRK.no. NRK skal vere for alle, og innhaldet vårt har ikkje verdi før det treffer publikum. Særleg vil me prioritere innhald som er relevant for dei


som i dag brukar oss minst, og som i aukande grad vel internasjonale medium og plattformer.

Samtidig skal me vareta heile breidda i samfunnsoppdraget. Me skal levere journalistiske avsløringar og skup, brei underhaldning og drama som speglar vår tid. Me skal spele norsk musikk og vere leverandør av skarp norsk humor og satire. Me skal også vidareutvikle NRKs live-opplevingar for ein digital mediekvardag. På NRK Super vil barna finne innhald som underheld og inspirerer, og som dei kan lære noko av. Men viktigast: På NRK får barna innhald som speglar deira norske og samiske språk og kvardag, og som dei kan kjenne seg igjen i.

Eit av kjenneteikna ved Noreg er at publikum har stor grad av tillit til redaktørstyrte medium, og brukar desse til å orientere seg i verda. Klok mediepolitikk har sørgt for at me har eit mangfald av kommersielle medium, i tillegg til NRK som er eit fellesgode, finansiert over statsbudsjettet. God mediepolitikk er god demokratipolitikk. Dessutan er det verdt å minne om, i desse dagar, at det også er god sikkerheitspolitikk.

2025 i tal

Omdøme




80 % meiner NRK oppfyller allmennkringkastings-mandatet «ganske» eller «svært godt»



Ressursbruk innhald

- 9 % Sport
- 44 % Nyheiter, aktualitet og fakta
- 47 % Kultur, musikk, underhaldning og drama



Publikum

91 %
av befolknings brukar tenester frå NRK dagleg

Bemanning

3 137
fast tilsette i NRK

Innhald

250 000
titlar tilgjengeleg hjå NRK TV

28 %
brukar nett-TV frå NRK dagleg

54 %
kvinneandel blant leiarar i NRK

462 000
titlar tilgjengelege i NRK Radio



Økonomi

6 868 526
tNOK i driftsinntekter

5 894 448
tNOK i eigdeilar

24 %
eigenkapitalandel



97,4 %
av driftsinntekta kjem frå statstilskot



Styrets årsmelding 2025

Innleiing

I 2025 har NRK oppretthalde den høge tilliten, bruken og omdømmet, og samtidig levert tilfredsstillande økonomiske resultat, i tråd med målsettingane. Samstundes har arbeidet med å fornye NRK utvikla seg i tråd med planar og føresetnader.

NRK er no i ei omstilling, både teknologisk og med fleire store flyttingar rundt om i landet, og dette har belasta ressursane og organisasjonen i 2025, og dette vil prege verksemda i kommande år. I oktober overtok NRK det nye regionkontoret i Holtermanns veg i Trondheim.

Det internasjonale nyheitsbiletet har vore prioritert, og vurderinga frå styret er at NRK har oppfylt allmennkringkastingsoppdraget og gjeve befolkninga eit breitt og rikt innhaldstilbod gjennom året.

Styrets arbeid

I 2025 heldt styret sju styremøte.

Arbeidet med nytt hovudkontor, Prosjekt Normanns-løkka, og Modernisering av NRKs produksjonsplattform var òg i 2025 dei to enkeltsakane som styret brukte mest tid på. Framdrifta i byggeprosjektet var i tråd med planene.

Modernisering av NRKs produksjonsplattform og investeringar i ny produksjonsteknologi er eit komplisert prosjekt. Prosjektet krev difor stor merksemd frå styret i åra fram mot innflytting i nytt hovudkontor.

Styret utvida i 2024 strategien til å omfatte heile verksemda. I 2025 heldt arbeidet fram med å utarbeide klare mål- og nøkkelresultat for verksemda. Strategisk viktig i 2025 var òg arbeidet med NRK sine innspel til nytt styringssignal for NRK for 2027 til 2030.

Oppsummert er styret nøgd med organisasjonens arbeid i 2025. NRK-oppdraget er løyst på ein utmerkt måte, NRK har halde oppe svært gode tal for omdømme, og det er jobba godt med verksemdsstyringa. NRK har opprett-halde posisjonen i ein krevjande konkurransesituasjon. Trass høg kostnadsutvikling og ekstra ressursbruk knytt til nyheitsdekninga av ein ekstraordinært uroleg verds-situasjon, har selskapet klart å styre mot eit driftsresultat i balanse for den ordinære verksemda.

NRKs oppdrag

NRKs føremål er å drive allmennkringkasting.

NRKs oppdrag er i tråd med Grunnlova § 100 og statens ansvar for å leggje til rette for ytrings- og informa-sjonsfridom. Av kringkastingslova § 6-1 tredje ledd går det fram at NRK skal drive allmennkringkasting og verksemd som har samanheng med dette. Sjølve allmennkringkastingsoppdraget er formelt gjeve NRK i selskapet sine vedtekter. I vedtektenes § 3 er føremålet presisert slik at NRK skal «tilby allmennkringkasting for heile Noregs befolkning i radio og fjernsyn samt på øvrige medieplattformer».

Stortinget har i NRK-plakaten formulert dei overordna og prinsipielle krava som ligg i allmennkringkastings-oppdraget. NRK-plakaten er i heilskap innteke som del II (§§ 12–26) i vedtektene for selskapet. I første punktet i plakaten står det at NRK skal ha som føremål «å oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet».

I tillegg til dei krava som følgjer av NRK-plakaten, er det i del III av vedtektene meir detaljerte krav (§§ 27–52). Det er dei samla krava i del II og III av vedtektene som utgjør allmennkringkastingsoppdraget.

NRK utarbeider årleg eit allmennkringkastingsrekneskap som gjer greie for korleis oppdraget blir løyst. Utgreiinga blir sendt til Medietilsynet, som vurderer og kontrollerer om krava i oppdraget er oppfylte. Vurderinga frå tilsynet blir gjeve i form av ein allmennkringkastingsrapport, som blir sendt til NRKs generalforsamling.

NRK driv verksemda si frå hovudkontoret i Oslo og frå distriktskontor i Kristiansand, Porsgrunn, Stavanger, Fredrikstad, Drammen, Bergen, Lillehammer, Ålesund, Trondheim, Bodø, Tromsø, Alta og Karasjok. I tillegg har NRK lokalkontor på fleire enn 30 stader rundt om i landet.

Då finansieringa av NRK vart lagt om i 2019, vedtok Stortinget samstundes at styringssignalet for NRK og nivået for det årlege finansieringstilskotet i framtida skal fastsetjast for fire år om gongen, rett nok slik at første perioden vart avkorta til tre år (2020–2022), for å unngå at vurderinga av NRK-oppdraget og finansiering finn stad i år med politiske val.

Stortinget følgde opp vedtaket frå 2019 då det i samband med statsbudsjettet for 2023 vedtok nytt styrings-signal og finansiering av NRK for perioden 2023 til 2026. Vedtaket inneber at tilskotet til NRK for kvart av åra frå 2024 til 2026 skal aukast i tråd med pris- og lønsvæksten i samfunnet.

– NRKs oppdrag er å leggje til rette for ytrings- og informasjonsfridom

Strategi

NRK sine hovudmål byggjer direkte på allmennkring-kastaroppdraget og er fundamentet for den strategiske retninga for heile organisasjonen.

- **NRK styrkjer og utviklar demokratiet**
- **NRK lyfter og gjer norsk og samisk språk og kultur rikare**
- **NRK samlar og engasjerer alle som bur i Noreg**

I tillegg er det definert fire overordna strategiske posisjonar overfor publikum. Desse posisjonane utgjer kjernen i kven me er og skal vere for publikum.

- **Skape store fellesopplevingar**
- **Vere først med det siste, forklare og vise samanhengar**
- **Begeistre med innhald ingen andre lagar**
- **Vere attraktiv for kvar nye generasjon**

Innsiktsarbeid i 2025

NRK utarbeider kvart år ein grundig omverdsanalyse, med både eksterne og interne bidragsytarar. Dette er ein rapport som er relevant for rolla NRK har i samfunnet, posisjonen i mediemarknaden og for videreutviklinga av NRK som organisasjon.

2025-analysen hadde hovudfokus på dei viktigaste endringane det siste året: geopolitikk, teknologi og ein fragmentert mediemarknad. I ei tid med aukande global spenning blir redaktørstyrte medium og allmenn-kringkasting viktigare for å leggje til rette for ei felles offentlegheit og bremse polarisering og desinformasjon. Kunstig intelligens påverkar no nesten alle område i samfunnet og utfordrar organisasjonar vesentleg når det gjeld arbeidsflyt, kompetansekrav og bruk av data. Noreg toppar framleis demokratiindeksen, men den norske tidsånda er likevel prega av uro, fallande tillit og økonomisk uvisse. Aukande økonomisk ulikskap og hardare konkurranse pregar mediebransjen, og samarbeid og mediemangfald ligg framleis høgt på agendaen for NRK framover.

Sjølv om den totale tida nordmenn brukar på medium held fram med å gå ned, er NRK sin del av mediebruken stabil. NRK har framleis ein sterk posisjon, både når det gjeld bruk og omdømme, og har ein moderat digital vekst innanfor TV og radio.

NRK står, i likskap med mange andre, overfor store og krevjande endringar framover. Store flytteprosessar, modernisering, teknologiløft, hardare konkurranse og strammare økonomi påverkar NRK som organisasjon. Det er behov for at alle jobbar smartare og meir effektivt, og kuttar kostnader der det er mogleg.

Med overgangen til IP-produksjon og framveksten av KI i innhaldsproduksjon er bransjen inne i eit grunnleggjande skifte. Kompetanse blir fort utdatert, og kontinuerleg læring og evne til tilpassing blir avgjerande for å møte tempoet i utviklinga. Dette krev omstilling i både arbeidsmåter og organisering, med større vekt på innovasjon. Alt dette gjer at NRK må prioritere hardare enn før. Det blir innført tydelegare struktur og enklare prosessar, og det blir lagt vekt på sterkare samarbeid innad i NRK. Det blir også viktig å byggje endå tettare samarbeid med andre aktørar – både redaktørstyrte medium og på tvers av bransjar.

Nye, strategiske innsatsområde

Inn i 2025 blei det peika på eit behov for å sjå meir heilskapleg på arbeidet med strategien til NRK. Dei overordna strategiske prioriteringane vart utvida til å sjå utvikling av NRKs organisasjon og ambisjonane overfor publikum enda meir i samanheng. Strategien skal bidra til å prioritere bruken av dei samla ressursane til NRK på ein betre måte, og omfattar også korleis NRK skal jobbe – ikkje berre kva som skal leverast til publikum. Dei seks strategiske prioriteringane dei neste to–tre åra er:

- 1. Tilpasse innhaldstilbodet for ei ny tid:** Publikums mediebruk flytter seg over i digitale flater. For å lukkast med å samle og engasjere alle som bur i Noreg også i framtida må innhaldet treffe publikum der dei er. Det er bakgrunnen for å bruke digital vekst som suksessparameter; å sikre at innhaldet engasjerer og skapar fellesskap i den digitale tidsalderen.
- 2. Tydeleggjere kva NRK.no, NRK TV og NRK Radio skal vere «best på»:** Publikum brukar NRK ulikt på dei tre plattformene der NRKs innhald er tilgjengeleg. For å lukkast med å ta heile allmennkringkastaroppdraget med over i dei digitale plattformene, blir det fokusert på å nytte styrken i dei ulike medietilboda.
- 3. Gjere innhaldet meir synleg:** Mediebruken er endra, og det er meir krevjande å nå ut til publikum enn det var før. Gjennom å jobbe meir heilskapleg med systematiske fellesløft kan NRK lukkast betre i å stå ut i mangfaldet av medieinnhold frå heile verda.
- 4. Jobbe smartare med ny teknologi:** NRK skal gjennomføre eit teknologiløft utan side-stykke i historia vår. Det er eit felles ansvar å skape verdi ved å nytte ny teknologi til å endre arbeidsflyt og jobbe saman på smarte måtar.
- 5. Betre samarbeid og heilskaplege prioriteringar:** NRK er sterkast når samarbeidet er effektivt. I dag er det unytta samarbeidspotensial i organisasjonen som kan realiserast gjennom tydelegare prosessar og felles, heilskaplege prioriteringar.
- 6. Sikre effektiv drift og utvikling:** Kvar krone løyvd til å løyse allmennkringkastingsoppdraget skal brukast mest mogleg effektivt og skape høgast mogleg verdi for publikum – på kort og lang sikt.

For å operasjonalisere dei langsiktige strategiske prioriteringane er det sett mål og nøkkelresultat (MNR) på NRK-nivå. Divisjonane set terminvise mål og nøkkelresultat som heng saman med dei overordna måla.

Endring av prosessen for strategi- og målstyring

Gjennom 2025 har det pågått eit arbeid for å redefinere fleire av kjerneprosessane i NRK. Ein av desse er strategi- og målprosessen. Gjennom dette arbeidet er det sett på korleis strategiprosessen i NRK kan vidareutviklast for å sikre endå betre gjennomføring. Dette handlar mellom anna om tydelegare prioriteringar, meir målretta arbeid med innsikt, behovsdriven strategikutvikling og tilstrekkeleg langsiktigheit i det strategiske arbeidet.

I 2025 har styret vore involvert i fullføringa av arbeidet med heilskapleg strategi og vidareutviklinga av kjerneprosessane i NRK. Dette held fram i 2026, og styret vil følgje dette gjennom året.

Medieutviklinga

I eit medielandskap der digitaliseringa i den yngre delen av befolkninga har stagnert, ser me no vekst i digital bruk hos den eldre delen av befolkninga, altså dei over 50 år. Me kan i grove trekk seie at forskjellane i mediebruk mellom generasjonane blir mindre. Medan dei under 50 år framleis er dei som i størst grad brukar innhald gjennom internett, er dei meir vaksnes bruk av nettaviser no større enn dei unge, og strøymeveksten for dei over 50 år er langt raskare. På lydmarknaden er det større avstand mellom podkastbrukarane under og over 50 år, men også her veks den digitale bruken blant dei eldste.

NRK har framleis ein svært sterk overordna posisjon i Noreg. Me har høg bruk i befolkninga, og me lukkast med digital vekst sjølv om me ikkje når alle mål som vart sett for 2025. Året har styrkt NRK samanlikna med 2024, samtidig som det framleis er ein krevjande kamp om publikums fragmenterte merksemd. NRKs omdømme er også svært sterkt i befolkninga, men det er framleis delar av publikum som ikkje har same tilknyting til allmenn-kringkastaren som dei fleste i befolkninga.

Ein kan seie at NRKs utfordringar på bruk er størst blant tenåringane og dei unge i etablering under 30 år, medan utfordringane våre på omdømme er størst blant vaksne utan høgare utdanning. Med den sterke digitale veksten blant dei over 50 år ligg det både moglegheiter og utfordringar for NRK framover.

– NRK har framleis ein svært sterk overordna posisjon i Noreg.

Media

Radiolyttinga i Noreg fall i 2025. Det er først og fremst blant 19–29-åringane fallet er størst, men generelt er det ein nedgang hos dei under 50 år. Nedgangen i lyttetid er pga. mindre lytting utanfor heim og bil, til dømes på arbeidsplassar, medan lytting heime og i bilen heldt seg stabil. Sjøåing på lineære TV-kanalar fall også, om enn treigare enn før. Nedgangen skjer i alle alderssegment over 19 år.

I befolkninga er bruken av norske redaksjonelle nettstader, som NRK.no, VG og lokale aviser, framleis høg i alle alderssegment. Men me ser også i 2025 litt nedgang blant dei yngste i målinga, samtidig som det er litt vekst blant dei eldste. Bruken av strøyming aukar i befolkninga, som i hovudsak kjem av stor vekst i bruken blant dei som er over 50 år, medan veksten er meir beskjeden i den meir modne marknaden under 50 år.

Podkast held fram veksten i alle aldersgrupper over 30 år, inkludert dei eldste, og blant tenåringane. Samtidig er det marginal nedgang blant unge i etablering. Ein av fem lyttar til ein podkast dagleg, og det er dei vaksne med høg utdanning, i storbyane, som lyttar mest. Lyttinga til radiokanalar via internett aukar litt også, mest i aldersgruppa over 50 år.

Den totale mediebruken estimert i Kantars 24-timarsundersøking, er relativt stabil. Medan mediebrukstida synest å gå noko ned blant dei unge, aukar den meir blant 50–66-åringane, særleg digitalt.

NRKs måloppnåing

NRKs bruksmål for oppdraget er å nå fire av fem (80 prosent) dagleg i alle segment. Dette målet blir nådd i alle segment unntatt tenåringane, der me når 78 prosent dagleg. NRKs langsiktige strategiske mål er å nå fire av fem digitalt, dvs. på NRK.no, NRK TV og NRK Radio, i alle segment. I 2025 nådde me 57 prosent. Den høgaste dekninga har me blant dei vaksne med høg utdanning (72 prosent), men 2025 er eit positivt år for NRK digitalt, med vekst i nesten alle segment, også dei yngre.

På vegen mot «fire av fem digitalt» har NRKs felles mål i 2025 vore å auke med 100.000 unike brukarar på kvart av dei tre digitale produkta. Resultatet vart oppnådd av NRK TV. NRK Radio har vekst, men manglar 72.000, medan NRK.no ligg 39.000 unike brukarar under året 2024. Dette er derimot eit mindre fall enn andre mediehus opplever. Sjølv om felles mål ikkje blir nådd, er det verdt å peike på at året blei avslutta med positivt forteikn, særleg dersom ein også ser på dei relative marknadsrørslene.

NRK har hatt som strategisk mål å auke talet på pålogga brukarar på dei digitale produkta våre, til 70 % av dei daglege brukarane. Fasit for 2025 er 52 prosent totalt. NRK Radio er nærast med 69 prosent pålogga, medan

NRK TV har 63 prosent, og NRK.no har 38 prosent. Sidan volumet av bruk på NRK.no er høgare enn på dei andre to plattformene, er det likevel flest pålogga der i reine tal.

NRK har også omdømmemål som blir følgt i den lang-siktige strategien. Desse er ikkje definerte til eit nivå, men ambisjonen er å skåre høgast mogleg. I 2025 vart Profilundersøkelsens metode endra, og dermed er samanlikning med tidlegare år ikkje inkludert. NRKs viktigaste omdømmemål er **tillit**. 80 prosent av befolkninga har svært stor eller ganske stor tillit til NRK. Tilliten er gjennomgåande høg, men han er klart lågare blant vaksne utan høg utdanning, sjølv om også to av tre i det segmentet har tillit til NRK. 70 prosent av befolkninga meiner dei får **valuta for skatten**. Også på dette spørsmålet er tala jamt høge, med unntak av dei vaksne utan høgare utdanning, som ligg 15 prosentpoeng lågare. På spørsmålet om **kor viktig NRK er for samfunnet**, er det 77 prosent som skårar NRK høgt. Lågast ligg segmentet vaksne utan høgare utdanning med 61 prosent. Det siste omdømmemålet som blir følgt ut frå strategien, er **kor viktig NRK er for deg**. 66 prosent meiner NRK er viktig for seg, men her er det større forskjellar mellom segmenta. Dei unge, dei utanfor storbyane og dei utan barn skårar lågare, medan dei eldste skårar høgast. Igjen er det segmentet vaksne utan høgare utdanning som skårar mykje lågare: 46 prosent.

– NRKs viktigaste omdømmemål er tillit

Inntekts- og kostnadsutvikling

NRK AS fekk eit underskot på 44 millionar kroner i 2025. Tilsvarande tal for 2024 var eit underskot på 129 millionar kroner. Om ein justerer for kostnader til flytting, viser NRKs ordinære drift eit positivt resultat på cirka 13 millionar kroner. Rekneskapsresultatet er som planlagt.

For konsernet, som omfattar dei heileigde dotterselskapa NRK Aktivum AS, NRK Normannsløkka AS, Ensjøveien 7 AS og Holtermanns veg utvikling AS, vart resultatet eit underskot på 173 millionar kroner, mot eit underskot på 201 millionar kroner i 2024.

Rekneskapsresultata for NRK AS og NRK Konsern har vist underskot dei siste åra, men frå 2026 er rekneskapmessig balanse for NRK AS sett som mål.

Inntekter

Samla driftsinntekter i NRK AS var 6869 millionar kroner i 2025, mot 6678 millionar kroner i 2024, ein auke på 191 millionar kroner (2,9 prosent).

Statstilskotet auka med 245 millionar kroner (3,8 prosent), til 6688 millionar kroner. Anna driftsinntekt vart redusert med 54 millionar kroner (23 prosent), til 180 millionar kroner, mot 234 millionar kroner i 2024. Anna driftsinntekt består av tilskot frå fond til konkrete produksjonar, i tillegg til inntekter frå royalties, spon-sing, sal av arkivmateriale og program, og utleige av produksjonskapasitet. Reduksjonen i andre inntekter frå 2024 til 2025 kjem av reduksjon i tilskot frå fond til konkrete produksjonar.

Kostnader

Dei totale driftskostnadene i NRK AS utgjorde 6977 millionar kroner i 2025, mot 6900 millionar kroner i 2024, ein auke på 95 millionar kroner (1,4 prosent). Låg kostnadsvekst frå 2024 til 2025 skriv seg frå fleire forhold, men hovudelementa er låg kostnadsvekst for personalkostnader og lågare kostnader knytt til avgangsvederlag.

Når me held omstillingskostnader utanfor, aukar lønns-kostnader, inkludert pensjon, med 76 millionar kroner (2,1 prosent) frå 2024 til 2025. At kostnadene ikkje aukar meir, trass i eit høgt lønnsoppgjer, kjem av redusert bemanning. Omstillingskostnadene i form av avgangs-vederlag vart redusert frå 78 millionar kroner i 2024 til 17 millionar kroner i 2025.

6 869
millionar kroner i
driftsinntektar 2025

Rekneskapen for 2025 er belasta med til saman 57 milli-onar kroner knytt til prosjektet for nytt hovudkontor, skilt ut på ei eiga linje i resultatrekneskapen. Dette er ein reduksjon på 18 millionar kroner frå 2024.

Årsrekneskapen for 2025 inneheld ikkje kostnader knytt til forskings- og utviklingsaktivitetar.

Balanse

Summen eigedelar for NRK Konsern aukar med 1317 milli-onar kroner frå 2024 til 2025. Dette kjem av store invest-eringar i anleggsmiddel, samt kjøpet av Holtermanns Veg Utvikling AS i Trondheim, i tillegg til auka behaldning av sportsrettar og auke i bankinnskot.

På eigenkapital- og gjeldssida blir eigenkapitalen redu-sert med 158 millionar kroner som følgje av årsresultat 2025, kostnadsføring av tidlegare balanseført utsett skattefordel i datterselskap og ikkje-amortisert estimat-avvik for pensjon. Langsiktig gjeld aukar med 575 milli-onar kroner, knytt til kjøpet av Holtermanns Veg Utvikling AS, medan kortsiktig gjeld aukar med 336 millionar kroner i form av auka trekk på kassekreditt og auka leverandør-gjeld. Avsetning for pensjonsforpliktingar blir redusert med 21 millionar kroner.

Likviditet og kontantstraum

Ein føresetnad for god og stabil drift er godt samsvar mellom inngåande likvidar og likvidar som blir brukt for å nå dei overordna målsettingane for konsernet. Det er kontantstraumen til konsernet som er relevant måleparameter for å styre dette forholdet. Resultat-rekneskapen representerer ikkje direkte kontantflyten i verksemda. Frå år til år kan balansen mellom nytta likvi-ditet og innbetalte middel variere noko. Dette inneber at konsernet til ei kvar tid må sørge for å halde ein tilfredsstillande likviditetssituasjon.

NRK har valutarisiko knytt til kjøp av varer og tenester med oppgjer i utanlandsk valuta. Valutainntekter finst i liten grad. Framtidige betalingsforpliktingar i utanlandsk valuta, med forventa verdi større enn 10 millionar kroner, blir sikra ved kjøp av terminkontraktar i utanlandsk valuta frå på førehand godkjende motpartar.

Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar, investeringsaktivitetar og finansieringsaktivitetar for konsernet er positiv: 101 millionar kroner for 2025. Års-resultatet for konsernet for same perioden var negativt, med 173 millionar kroner. Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar unnateke avskrivningar er negativ, med 55 millionar kroner. Avskrivningar er 1004 millionar kroner lågare enn investeringar i varige driftsmiddel, medan netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar (kassekreditt og lån ifm. kjøp av Holtermanns Veg Utvikling AS) er positiv med 1160 millionar kroner. Avviket mellom kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar og

driftsresultatet kjem av ein reduksjon i behaldning av sportsrettar som forfell til betaling seinare.

NRK AS hadde ved årsskiftet trekt 1073 millionar kroner av ein trekkfasilitet på 1400 millionar kroner i DNB. Ein vurderer likviditetssituasjonen som tilfredsstillande. Datterselskapa NRK Normannsløkka AS og Ensjøveien 7 AS hadde til saman trekt 79 millionar kroner av ei trek-kramme på 100 millionar kroner.

Når det gjeld finansiell risiko og risikostyring, har morsel-skapet i 2025 plassert hovudtyngda av likviditetsreserven i bank og særinnskot i bank. Finansplasseringane har hatt ei gjennomsnittleg avkastning i løpet av året på 4,85 prosent. Sum finanspostar var positiv med 65 milli-onar kroner i 2025 for NRK AS.

Styret fastset retningslinjene og regelverket for finans-forvaltninga. Skriftleg fullmakt er gjeven til dei perso-nane som har rett til å utføre finansielle transaksjonar. Fullmakta er tidsavgrensa til maksimalt 2 år. Kontroll av finansaktivitetane blir utført løpande, med jamleg rapportering til styret, økonomi- og finansdirektør og økonomisjef konsern.

NRK brukar finansielle instrument i form av valuta-terminkontraktar. Instrumenta ein brukar, er spot-vekslingar, terminkontraktar og valutakontoar tilknytt konsernkonto. Sikringskontraktar skal ein berre inngå med på førehand godkjende motpartar. NRK brukar valutasikring for å sikre valutatransaksjonane våre; ikkje til spekulasjon.

– Ein vurderer likviditetssituasjonen som tilfredsstillande

Kommersielle rammer og sponsormiddel

NRKs allmennkringkastartilbud er nær 100 prosent finansiert over statsbudsjettet. NRK kan i tilknytning til særskilde programkategoriar ha sponsorinntekter på TV og radio. Selskapet følgjer dei reglane for sponsorfinansiering og visning av sponsorplakatar som er trekte opp i kringkastingslova, forskrifter og interne retningslinjer. Sponsorinntektene er knytt til produksjon av større idretts- og kulturhendingar.

Den kommersielle verksemda til NRK blir driven gjennom det heileigde dotterselskapet NRK Aktivum AS. NRK Aktivum AS hadde ei omsetning i 2025 på 71 millionar kroner, ein reduksjon på 14 millionar kroner frå 2024. Driftsresultatet var positivt med 3 millionar kroner, medan rekneskapsmessig overskot, før skatt, enda på 12 millionar kroner. Det er sett av 11 millionar kroner til konsernbidrag til Ensjøveien 7 AS.

71
millionar var omsetning
i NRK Aktivum AS

Organisasjon

Faste årsverk

Ved slutten av 2025 hadde NRK 3137 fast tilsette årsverk, ein reduksjon på 112 årsverk samanlikna med året før. Reduksjonen skuldast hovudsakleg eit spareprogram NRK gjennomførte i 2024, der det vart innvilga 88 sluttpakkar.

Mellombels tilsette

Vikarar utgjorde 160 årsverk ved utgangen av 2025, og mellombels prosjekttilsette utgjorde 116 årsverk. Tilsvarande tal ved utgangen av 2024 var 125 årsverk for vikarar og 185 mellombels prosjekttilsette. NRK drøftar med dei tillitsvalde minst éin gong årleg bruken av mellombels tilsette med heimel i arbeidsmiljølova. Mellombels tilsette blir brukte som erstatning for faste som ikkje er i arbeid grunna rettsbasert fråvær (sjukdom, ferie, fødselspermisjonar og liknande), eller i prosjektarbeid når det er behov for spisskompetanse, under produksjonstoppar, i tidsavgrensa prosjekt, eller som erstatning for fast tilsette som får andre oppgåver i ein periode. Avhengig av produksjonsfasar, prosjekt og publikumssatsingar vil den mellom-belse bemanninga variere både gjennom året og frå år til år.

Deltidsarbeid

Ved utgangen av 2025 jobba 33 kvinner og 33 menn i deltidsstillingar i ulike kombinasjonar. Dette er noko lågare enn i 2024, då tilsvarande tal var 96 kvinner og 76 menn.

Sjukefråvær

NRK hadde eit sjukefråvær på 5,4 prosent i 2025. Dette er ein nedgang frå 5,9 prosent i 2024. Sjukefråværet ligg eitt prosentpoeng under landsgjennomsnittet. Lettare psykiske plager og muskel/skjelettsjukdom er dei hyppigaste årsakene til langtidsfråværet, dvs. over åtte veker. Andelen arbeidsrelatert sjukefråvær er lågt.

Fødselspermisjonar

Til saman 102 kvinner og 70 menn tok ut fødselspermisjon i 2025. Totalt tok kvinner ut 2400 veker i fødselspermisjon. Tilsvarande for menn var 981 veker. I gjennomsnitt tok kvinner ut 19,7 veker i fødselspermisjon, mot 13,8 veker for menn. Fem menn og ei kvinne tok ut gradert permisjon i 2025.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

NRK sitt HMS-system varetek ulike produksjonar og aktivitetar i organisasjonen. I 2025 vart det totalt registrert 73 avvik, mot 87 i 2024. Av desse var det 45 som medførte personskadar. Det er færre enn året før. Det er registrert fråvær på 21 av dei 45 personskadane. Ingen ulukker vart meld til Arbeidstilsynet.

3 137
fast tilsette årsverk
i desember 2025

Berekraft

Regjeringa legg til grunn at statleg eigde selskap blir drivne på ein ansvarleg måte. Det inneber å opptre etisk forsvarleg og identifisere og handtere selskapets påverknad på menneske, samfunn og miljø. NRK jobbar langs alle tre dimensjonar av berekraftsomgrepet – både miljømessige og sosiale forhold, samt forretningsåttferd.

I 2025 har NRK jobba med å tilpasse seg dei nye lovkrava til berekraftsrapportering, i tråd med CSRD-direktivet, samtidig som regelverket har vore under endring i EU. Det er gjennomført ein analyse av dobbel vesentlegheit og ein GAP-analyse. NRK brukar 2026 til å førebu oss på nye rapporteringskrav, og planlegg å gjennomføre ein test for CSRD-rapportering for rekneskapsåret 2026, slik at me er klare når krava inntreffer for NRK og liknande selskap for rekneskapsåret 2027.


NRKs klimamål

NRK har eit overordna mål om å halvere direkte påverkelege utslepp innan 2030 (samanlikna med 2019-nivå). Dette blir målt frå direkte og indirekte utslepp i scope 1, scope 2 og flyreiser. Målet byggjer på prinsippet om at NRK prioriterer tiltak som gjev reelle kutt frå eigne aktivitetar, og at vitskap og internasjonale klimaavtalar skal vere førande. Samanlikna med 2019-nivå har NRK i 2025 redusert dei direkte påverkelege utsleppa med 37 prosent.

Under er utviklinga for dei ulike utsleppskategoriane som NRK har sett mål for, samt korleis dette ser ut etter GHG-protokollen.

Utsleppskategoriar i samsvar med GHG-protokollen (tCO2e)	2019	2024	2025	Endring fra 2019
Direkte utslepp (scope 1)	1 028	290	391	-62 %
Indirekte utslepp - energi i bygg (scope 2)	3 485	2 610	2 223	-36 %
Indirekte utslepp - innkjøpte varer og tenester (scope 3)	1 705	1 857	2 060	21 %

Utsleppskategoriar i samsvar med NRKs klimamål (tCO2e)	2019	2024	2025	Endring fra 2019
Direkte utslepp fra egne person- og varebilar	601	231	201	-67 %
Indirekte utslepp - energi i bygg	3 485	2 609	2 223	-36 %
Indirekte utslepp fra flyreiser	2 019	1 601	1 515	-25 %



Graf: NRKs totale klimagassutslepp for 2025

NRKs klimarekneskap for 2025

NRK jobbar kontinuerleg med å forbetre rekneskapen og har lagt til fleire kategoriar i indirekte utslepp. NRK har i 2025 ferdigstilt rehabiliteringa av to distrikskontor, NRK i Karasjok og NRK i Tromsø, og dessutan ferdigstilt nytt bygg i Trondheim. Punktutslepp for desse byggjeprosjekta forklarar store delar av auken samanlikna med året før.

Tempen 2025 og nordisk samarbeid

I mai 2025 arrangerte NRK, i samarbeid med Den Norske Opera & Ballett og Norges idrettsforbund, konferansen Tempen 2025 på Vippa i Oslo. Formålet med samlinga var å ta pulsen på klima- og miljøarbeidet i medie-, kultur- og idrettssektoren. Under ei solfylt ramme samla arrangementet over 200 deltakarar, inkludert kulturminister Lubna Jaffery, idrettspresident Zaineb Al-Samarai og kringkastingssjef Vibeke Fürst Haugen. Gjennom konkrete døme, som NRKs produksjon «Drømmerommet» og Operaens oppsetning av «Otello», vart det vist korleis sektoren i praksis kan bidra til utsleppskutt og berekraftige løysingar.

I etterkant av Tempen 2025 var NRK vertskap for eit møte med dei andre allmennkringkastarane i Norden. Sentrale tema var grøn coding, kunstig intelligens, miljøkrav ved innkjøp og grøn produksjon. NRK har også delteke aktivt i utforminga av ein nordisk bransjestandard for film og TV, som vart lansert av dei nordiske filminstitutta hausten 2025.

Berekraftsmål for nytt hovudkontor

Det nye hovudkontoret skal vere betre tilpassa eit klima i endring, og gjere det enklare å ta berekraftige val i den daglege drifta. Det nye hovudkontoret har ambisjonar om å bli eit forbildeprosjekt i FutureBuilt. Gjennom eit tett samarbeid med byggjeprosjektet har me etablert ei felles ramme for sosial og miljømessig berekraft, basert på innsatsområda ansvarleg bygging, funksjonelt bygg og kultur i praksis. Dette rammeverket gjer at me kan avvege dilemma, vise avhengigheiter og setje rett prioritering. Me har samtidig jobba aktivt for å sikre at det nye hovudkontoret vårt varetek tryggleik og tilhøyrse for personar med fleirkulturell bakgrunn, funksjonsnedsetjing, språklege minoritetar, og for dei som identifiserer seg som LHBT+.

Prosjekt for auka gjenbruk

NRKs dobbeltvesentlegheitsanalyse viser at sirkulær ressursbruk er eit vesentleg område der me i dag manglar heilskaplege mål og retningslinjer. Som følgje av fleire kontorflyttingar og oppgraderingar over heile landet, og planlagd flytting til nytt hovudkontor, har me no starta eit større arbeid for å etablere tydelege køyre-reglar og arbeidsprosessar for gjenbruk. Målet med arbeidet er å definere konkrete roller, ansvar, tenester og retningslinjer som sikrar ei berekraftig forvaltning av gjenstandane våre.

Fremjar likestilling og hindrar diskriminering

Aktivitets- og utgreiingsplikta (ARP) er ei lovpålagd føresegn frå 2020. Ho vart også teken inn som protokolltilførsel i NRKs lønsoppgjer same år. Alle norske verksemder skal jobbe aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Kravet er at alle verksemder kvart år skal gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling, og korleis verksemda arbeider med likestilling og ikkje-diskriminering, spesielt når det kjem til kjønn, graviditet, etnisitet, religion, funksjonsnedsetjing, LHBT+, trakassering og vald.

Tilstand for kjønnslikestilling

Kjønnsbalanse, alder og fleirkulturelle

Kjønnsbalansen blant alle NRKs medarbeidarar er 46,6 prosent kvinner og 53,4 prosent menn. Blant leiarar totalt er 54 prosent kvinner og 46 prosent menn. Toppleiargruppa, inkludert kringkastingssjefen, består ved utgangen av 2025 av åtte menn og to kvinner. Kjønnsbalansen blant medarbeidarar som jobbar deltid, er 54 prosent kvinner og 46 prosent menn. Av mellombelse stillingar er 64 prosent menn og 46 prosent kvinner. I 2025 var 102 kvinner og 70 menn i foreldrepermisjon.

Gjennomsnittsalderen for fast tilsette i NRK var ved utgangen av 2025 på 47,4 år for kvinner og 48,6 år for menn. Ifølgje SSB har andelen medarbeidarar som er fødde i utlandet av to utanlandsfødde foreldre og fire utanlandsfødde besteforeldre, og norskfødde med to innvandarforeldre, gått opp frå 6,5 prosent i 2024 til 6,8 prosent i 2025. I arbeidet vårt med å spegle befolkninga treng me også kompetansen til nordmenn som har éin utanlandsfødde forelder, og til adopterte med utanlandsk opphav. Når me inkluderer desse medarbeidarane i tal for 2025, har delen auka frå 15,5 prosent i 2024 til 15,9 prosent i 2025. Tala viser til medarbeidarar med både vestleg og ikkje-vestleg bakgrunn.

Arbeid for likestilling og mot diskriminering

Lønn

NRK har i løpet av 2025 utvikla eit rolle- og kompetansekart med utgangspunkt i Korn Ferrys karrierearkitektur. Dette er eit nyttig verktøy for å sikre nødvendig oversikt over kva roller me har i dei ulike stillingsgruppene. Oversikta vil gi eit godt bilete av kva kompetanse som blir nytta kvar, og sikre at tilsette med like oppgåver, kompetanse og ansvar blir samanlikna på like vilkår. Dette arbeidet skal vere ferdig i 2026 og vil mellom anna gjere NRK i stand til å møte krava i EUs likelønnsdirektiv på ein ryddig og profesjonell måte.

Varslingsrutinar for kritikkverdige forhold

NRKs interne varslingsrutinar er oppdaterte, og det er oppretta eit uavhengig internt varslingsråd. I samband med oppdateringa er det også laga eit e-læringskurs. NRK hadde tolv varslings saker i 2025.

Arbeidsmiljø

For å sikre at tilsette skal kunne vere seg sjølve og oppleve tilhøyrse, jobbar me for at leiarane våre og tilsette har medvit og kunnskap om mangfald. Våre prioriterte minoritetsgrupper er fleirkulturelle, funksjonshemma, kjønns- og LHBT+ og språkminoritetar.

	2024		2025	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsbalanse totalt	47 %	53 %	47 %	53 %
Kjønnsbalanse leiarar	55 %	45 %	54 %	46 %
Midlertidig tilsette (årsverk)	85	100	55	61
* Antal i foreldrepermisjon	84	69	102	70
Gj. snitt veker foreldrepermisjon	18	12	19,7	13,8
Antal tilsette (årsverk)	1 518	1 724	1 619	1 833
Antal tilsette, deltid	74	57	33	33
Gj. snitt alder, fast tilsette	45,4 år		47,4 år	48,6 år
Lønsskilnad (alle)	97,9 %	100 %	97,8 %	100 %
Lønsskilnad, alder 20-39	95,9 %	100 %	96,9 %	100 %
Lønsskilnad, alder 40-59	100,1 %	100 %	99,6 %	100 %
** Lønsskilnad, alder 60+	96 %	100 %	97,8 %	100 %
Lønsskilnad, teknologi/drift	103,2 %	100 %	97,9 %	100 %
Lønsskilnad, journalistar	99,8 %	100 %	99,6 %	100 %
Lønsskilnad, design	91,4 %	100 %	91,7 %	100 %
Lønsskilnad, Adm. leiarar	97,1 %	100 %	96,4 %	100 %
Lønsskilnad, avtalelønnte leiarar	93,7 %	100 %	89,3 %	100 %
Lønsskilnad øvrige	95,9 %	100 %	98,1 %	100 %

*) Krav til opplysningar kvart år
**) Krav til opplysningar annakvart år

NRK har eit rammeverk for mangfaldsarbeid med denne visjonen: «Saman skaper me eit Noreg der alle høyrer til.» For å nå visjonen har me fire målbilete.

- A. Vi brukar krafta i mangfaldet i alt me gjer
- B. Mangfold er synleg og selvfølgeleg i NRKs innhald
- C. NRK er tilgjengeleg for alle, både fysisk og digitalt
- D. I NRK kan alle vere seg sjølv og oppleve tilhøyrse

Målbilete C og D er spesielt viktige for oss som arbeids-gjevar: NRK er tilgjengeleg for alle, både fysisk og digitalt. Og i NRK kan alle vere seg sjølv og oppleve tilhøyrse. Arbeidet med desse måla er avgjerande for at me skal lukkast med å vere ein allmennkringkastar og ein arbeids-gjevar i verdsklasse.

Markeringar
For å auka medvit, og for å synleggjera godt endrings-arbeid, nyttar NRK interne prisar, markeringar av merke-dagar, event og kurs. Gjennom intranett, videoklipp og fysiske arrangement har me markert følgjande temadagar: samisk nasjonaldag, rockesokkdagen, id, teiknspråkets dag, kvenfolkets dag, romfolkets dag, kvinnedagen, mannedagen, internasjonal dag for funk-sjonsnedsetjing og verdsdagen for psykisk helse.

NRKs interne mangfaldspris vart i 2025 gitt til produk-sjonen bak «Team Pølsa». Serien har sett likestilling, tilrettelegging, lagarbeid og funksjonsmangfald på dagsordenen, og bidreg sterkt til NRKs mangfalds-visjon: «Saman skaper me eit Noreg der alle høyrer til». Heiderleg omtale gjekk til NRK Buskerud for rekrutte-ringa deira av praktikantar med funksjonsnedsetjing og fleirkulturell bakgrunn. Og til NRK Sørlandet, for deira arbeid med piloten på opplæringsprogrammet for jour-nalisttalent med funksjonsnedsetjing. Begge distrikts-kontora har også jobba aktivt og løysingsorientert med tilrettelegging.

Kompetanseutvikling
Hausten 2025 arrangerte me eit seminar for interne og eksterne produksjonsmiljø, der produksjonsleiarar og tilsette med funksjonsnedsetjing delte erfaringane sine frå å jobbe saman. I NRKs leiarforventningar blir leiarar oppmoda til å «bruke krafta i mangfaldet». I 2025 utvikla me fleire kurs og dilemmatrening for tilsette og leiarar for å auke mangfaldskompetansen i organisasjonen, og for leiarar i rekruttering av mangfald.

Strategisk kulturbygging og fellesskap
I 2025 har me implementert eit årshjul for å inkludere heile breidda av medarbeidarane som jobbar i NRK. Tiltaka er meint å byggje ein bedriftskultur som støttar opp under NRKs mål, med særleg vekt på mangfald og inkludering. Ved å prioritere aktivitetar i samråd med våre eigne fokusgrupper har me sikra at arrangementa blir opplevde relevante og inkluderande for alle tilsette. Eit av dei absolutte høgdepunkta i år var deltakinga i Holmenkollstafetten, der me hadde rekordmange lag på tvers av alle avdelingar. Den følgjande banketten vart ein viktig arena for relasjonsbygging utanfor dei vande arbeidsrammene. Det står som eit godt eksempel på korleis me kombinerer sportsleg engasjement med aktiv kulturbygging.

Rekruttering og talentprogram
Vi er avhengige av eit breitt mangfald blant tilsette for å kunne tilby innhald der alle kan kjenne seg igjen i stemmene me formidlar, i perspektiva som blir løfta,



Deltakarar i talentprogrammet for funksjonsnedsetjing. Frå venstre: Nora Bæverfjord Rye, Ragna Kornelia Unstad Forså, Marit Henriette Gustavsen og Camilla Gjerde Lund.

Foto: Stian A. Giltvedt/privat/NRK

og i historiene me fortel. For å få tilgang til stemmer og perspektiv frå heile befolkninga treng me tilsette med mangfaldskompetanse, og NRK har over tid erfart at me ikkje får tak i denne kompetansen gjennom ordinær rekruttering. NRK har derfor utvikla fire talentprogram for å sikre mangfaldskompetanse: nynorsk, samisk, fleir-kulturelt (NRK FleRe) og funksjonsnedsetjing. Gjennom desse programma blir talent utdanna i journalistikk som bidreg med kompetanse på språk, nettverk og mang-faldsperspektiv i organisasjonen.

I 2024 og 2025 har NRK i samarbeid med Mediebedrift-enes Landsforening (MBL) teke inn to ekstra talent med fleirkulturell kompetanse. Etter dei første fem månadene med opplæring går dei ut i praksis hos eit anna mediehus. I 2025 samarbeidde NRK med Dagbladet og TV 2, og i 2026 samarbeider me med Dagbladet og Aftenposten.

I 2025 gjennomførte NRK sin første pilot for talentpro-gram for funksjonsnedsetjing. Piloten har fått positiv omtale, og i april 2025 vart stillingsannonsen for prakti-kantstillingane kåra til årets inkluderande annonse under arrangementet The Hunt, i regi av Finn.no. Dei fire talenta som vart plukka ut, lever med redusert syn eller redusert høyrse. Etter gode erfaringar hausten 2025 vart det vedteke å utvide piloten med eit ekstra år, og me rekrutterer no kandidatar til programmet som startar hausten 2026.

Retningslinjer og tilrettelegging for sosial berekraft og tilgjengelegheit
Vi jobbar for at NRK som arbeidsplass skal vere tilgjenge-leg, både fysisk og digitalt. I 2025 vart det oppretta ein sentral budsjettpost for fysisk tilrettelegging av bygg ved behov, for å fjerne barrierar for å rekruttere fagfolk med funksjonsnedsetjing. Vi har ført vidare tilgjengeleg-heitsnettverket i teknologidivisjonen for å sikre universell utvikling i appar og nettløysingar. Universell utvikling og tilgjengelegheit vart også integrert i retningslinjene våre for konserninnkjøp.

NRKs brukarråd bidreg med innspel til korleis NRK kan gjere innhald og tenester tilgjengeleg for alle, og dess-utan spegle funksjonsmangfald, både i innhald og i organisasjonen. Rådet bestod i 2025 av representantar frå Funksjonshemmedes fellesorganisasjon, Samarbeids-forumet av funksjonshemmedes organisasjoner, Dysleksi Norge, Hørselsforbundet, Foreningen for muskelsyke, Norges Blindforbund, Norges Døveforbund, ADHD Norge, Norsk forbund for utviklingshemmede, Norges Handikapforbunds Ungdom og Pensjonistforbundet.

Organisasjonsutvikling

NRK jobbar kontinuerleg med å utvikle organisasjonen og gjere oss best mogleg i stand til å levere på strategien og oppdraget. Både publikum sine vanar og omverda endrar seg raskare enn før, og NRK skal både respondere på og, på nokre område, vera i forkant av utviklinga.

Når me jobbar med organisasjonsutvikling, har me eit breitt perspektiv, og jobbar med faglege tema som arbeidsprosessar, roller og ansvar, organisering, teknologi og system, styringsstrukturar, lokasjonar, kompetanse, leiing og kultur. I 2026 gjennomfører me ei rekkje prosessverkstader for å teikne nye arbeidsflytar på tvers av organisasjonen. Her jobbar me sprintbasert i tverrfaglege team for å teikne framtidas arbeidsprosessar. Prosessane viser korleis me skal jobbe på nye måtar med nye roller og ny teknologi.

Fleire av divisjonane gjorde store organisasjonsutviklingsarbeid i 2025, gjennom tett samarbeid mellom leiarar, medarbeidarar og tillitsvalde. Innhaldsdivisjonen i Oslo implementerte ny organisering i februar 2025, og har også jobba med nye arbeidsmåtar. Strategi- og medier-divisjonen jobba med å etablere nye prosessar og ny organisering, som vil tre i kraft i 2026, og det same gjeld for nyheitsdivisjonen.

Kompetanseutvikling med tre overordna innsatsområde

For å realisere NRKs ambisjonar knytt til moderne historieforteljing, presse-etikk, nye arbeidsformer, bygg og teknologi, må me utvikle kompetanse til å jobbe på nye måtar. Vi løfta fire strategiske kompetanseområde for heile organisasjonen i 2025:

1. Presseetikk
2. Historiefortelling
3. Kunstig intelligens
4. Samisk språk og kultur

Innanfor desse temaa arrangerte me ei rekkje kompetansetiltak, mellom anna eit redaktørprogram for presseetikk, masterclass for historieforteljing, workshopar i forkant av sametingsvalet, e-læringskurs og grunnopplæring i kunstig intelligens for heile organisasjonen. Dei fire strategiske kompetanseområda prega også innhaldet i NRKs årlege fagdag. Fagdagen samlar årleg rundt 1000 deltakarar fysisk, og mange ser han også via strøyming, direkte og i opptak. Det vart også gjennomført ei rekkje lokale kompetanseløft i NRKs ulike divisjonar i løpet av 2025. No er dei fire kompetanseområda frå 2025 implementert i den faste drifta vår.



Oversikt over NRKs forventninger til sine ledere: skap klarhet, styrk laget og sikre resultater.

Leiarutvikling

I 2025 har me jobba med å implementere leiarforventningane som vart utarbeidde i 2024. Desse gir tydeleg forventningar til kva leiarar skal bidra med for at NRK skal kunne fylle oppdraget no og i framtida.

Leiarløftet er eit leiarprogram for leiarar på nivå 1–3 med formål å styrke den felles, strategiske leiarskapen vår i utviklinga som NRK står overfor. Me har hatt mobiliseringssamlingar ved oppstart av kvart semester. Totalt 70 leiarar møtest og utforskar strategiske tema og kva det betyr for utøving av leiing, både som fellesskap og kvar enkelt leiar. Tema me har jobba med, er heilskapleg strategi, endringsleiing, kulturutvikling, allsidig leiaråttferd, kunstig intelligens og beredskap. Me har også gjennomført mindre samlingar der leiarar får sparring og innsikt i eigne utfordringar knytt til å gjennomføre endringar.

Redaktørprogram: Som ein del av programmet «Betre rusta» vart det gjennomført eit utviklingsprogram for NRKs redaktørar. Programmet gav redaktørane anledning til å fordjupe seg i kva ansvar som ligg til redaktørrolla, og korleis redaktørlinja i NRK fungerer, både i divisjonane og når ho går på tvers av divisjonsstrukturar. Redaktørane vart trena i presseetikk og presseetiske vurderingar, og dessutan korleis dei nye strukturane våre med «raud løype» fungerer. Redaktørar er talspersonar i offentlegheita, og mediehandtering har vore ein del av programmet. 46 redaktørar har vore med på tre heildagssamlingar, og dei har i tillegg fått i oppgåve å sikre etikkompetanse i eigne linjer, og auka bevisstheit om korleis NRKs redaktørinstitutt fungerer.

Ny som leiar

I 2025 vart det gjennomført to «Ny som leiar»-program. Formålet er at nye leiarar skal bli trygge på kva NRK ventar av leiarane sine, bli betre kjende med seg sjølve og NRKs strategi og kultur. Leiarane får også eit nettverk på tvers av heile NRK og gjennom dette ei større organisasjonsforståing. 40 leiarar frå alle divisjonar på nivå 3 til 5 har vore med på tiltaket.

Arbeidsleiing

I 2025 utvikla me eit nytt utviklingsprogram for prosjekt-leiarar i innhaldsproduksjonen. Formålet har vore å gjere dei tryggare i rolla som arbeidsleiar, for å leggje til rette for gode og innovative prosjekt. 25 arbeidsleiarar var med på fire samlingar våren 2025.

Endringsleiing

NRK står i kontinuerleg endring og utvikling, og me har gjennomført leiargruppeutvikling i den nye innhaldsdivisjonen i Oslo for å skape effektive leiargrupper i oppstart av ny divisjon.

I tillegg blir det arbeid med å styrke alle NRKs leiarar på endringsleiing, gjennom leiarsamlingar knytt til omstillingsarbeid i dei ulike divisjonane. Det har også vore jobba med å styrke kompetansen på endringsleiing hos HR, som skal støtte leiarane i den operative kvardagen.



Ei visualisering av nytt hovudkontor på Normannsløkka. Illustrasjon: Rodeo arkitekter - Nordic Office of Architecture

Normannsløkka

Prosjekteringa av nytt hovudkontor på Normannsløkka i Oslo heldt fram. I 2025 har NRK engasjert Hent AS som samspelentreprenør og Arkitektfirmaet Nordic som arkitekt for prosjektet. Organisasjonen har utarbeidd eit rom- og funksjonsprogram for det nye hovudkontoret, og arbeid med mellomfinansiering av bygginga er igangsett.

Nytt hovudkontor på Normannsløkka har eit eige prosjektstyre, som blir leidd av Johan Arnt Vatnan, medan prosjektdirektør Tor Ingebrigt Hoel har ansvar for å leie NRKs byggherreorganisasjon.

Utgreiing av aktsemds-vurderingar etter openheitslova

Utgreiing for aktsemdsvurderingar etter openheitslova er publisert i ein samla årsrapport saman med årsrekneskapen og styrets melding.

Styreansvarsforsikring

Styret vedtok i desember 2022 å teikne forsikring for styremedlemmene og den daglege leiinga for deira mogelege ansvar overfor føretaket og tredjepersonar. Forsikringa har ei dekning på 100 millionar kroner og tredde i kraft frå 1. januar 2023.

Styresamansetninga

NRK-styret vart oppnemnt i generalforsamlinga 25. juni 2024. Styret består av følgjande medlemmer:

Jan Erik Kjerpeseth er styreleiar, Åsne Havnelid er nest-leiar. Andre aksjonærvalde styremedlemmer er Hege Aasen Veiseth, Shahzad Abid og Arild Grande. Elin Fossum, Torunn Myhre og Erik Vold er representantar valde av dei tilsette.

Endringar i leiinga

Marius Tetlie har vore konstituert nyheitsdirektør sidan 1. oktober 2024, medan Helje Solberg har permisjon for å leie prosjektet «Framtidas nyheitsoppdrag».

I tillegg til kringkastingssjef Vibeke Füst Haugen består toppleiinga per 1. oktober 2025 av følgjande divisjonsdirektørar: Marius Tetlie (Nyheiter, konstituert), Camilla Bjørn (Innhaldsdivisjon Oslo), Marius Lillelien (Distriktsdivisjonen), Johan Ailo Kalstad (NRK Sápmi), Jørgen Heid (Strategi og medier), Andreas Norvik (Økonomi og finans), Olav A. Nyhus (kringkastingssjefens stab og juridisk avdeling), Pål Nedregotten (Teknologi), Olav Hypher (Organisasjon) og Øyvind Lund (Porteføljedirektør).

Resultatdisponering

Styret meiner at det framlagde årsresultatet er ei rett framstilling av verksemda i 2025. Styret føreslår at underskotet på 44 millionar kroner i NRK blir belasta annan

eigenkapital. Den bokførte eigenkapitalen blir etter dette 1394 millionar kroner. Av dette er 394 millionar kroner annan eigenkapital.

For konsernet viser årsresultatet eit underskot på 173 millionar kroner.

Framleis drift

Me legg til grunn ei inntektsutvikling i tråd med stortingsvedtak frå desember 2022, om at NRK skal kompensera for løns- og prisvekst. På bakgrunn av dette forventar NRK rekneskapsmessig balanse for den ordinære verksemda også dei neste åra. Dette inneber effektivisering for å handtere auka kostnader til rettigheter og teknologi.

Dei neste åra vil vere prega av store investeringsprosjekt fram til NRK flyttar til nye lokale i Trondheim og i Oslo. Fram til det skjer, kan årsresultat for NRK Konsern enkelte år syne underskot og svekt eigenkapital, før meirverdiar vil bli realiserte frå sala.

Storleiken på underskot og overskot dei einskilde åra, og eigenkapital og likviditet etter flyttingane, vil avhenge av rentenivå, regulering av eigedomane og byggekostnader. I tillegg vil framdrifta i moderniseringa av NRKs produktionsplattform og overgang til ny, IP-basert teknologi vere avgjerande for å lukkast. Styret vil difor følgje moderniseringsarbeidet tett.

I samsvar med rekneskapslovas § 3-3 blir det stadfesta at føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn for rekneskapen.

Oslo, 7. april 2026 (elektronisk signert)		
Jan Erik Kjerpeseth styreleiar	Åsne Havnelid	Shahzad Abid
Arild Grande	Hege Aasen Veiseth	Torunn Myhre
Elin Fossum	Vibeke Füst Haugen administrerende direktør/ kringkastingssjef	Erik Vold

Årsrekneskap for 2025 med notar

Resultatrekneskap
(beløp i heile 1 000)

Konsern			NRK AS		
2025	2024		Note	2025	2024
6 688 107	6 443 263	Statstilskot		6 688 107	6 443 263
179 062	237 367	Anna driftsinntekt	2, 3	180 419	234 309
6 867 169	6 680 630	Sum driftsinntekter		6 868 526	6 677 572
		Behaldningsendring eigenproduserte			
21 822	10 355	program	4	21 822	10 355
3 277 797	3 216 029	Lønskostnad	5	3 277 797	3 216 029
16 978	78 138	Omstillingskostnad		16 978	78 138
339 183	325 231	Pensjonskostnad	6	339 183	325 231
143 386	175 504	Honorar og framandytningar		146 722	174 585
391 093	385 765	Sendetekniske kostnader	7	391 093	385 765
312 552	298 343	Avskriving og nedskriving	8	281 016	272 169
2 440 675	2 401 668	Andre driftskostnader	9	2 445 495	2 362 410
6 943 485	6 891 034	Sum driftskostnader før kostnader knytte til flytting		6 920 106	6 824 684
56 753	74 983	Kostnader knytt til nytt hovudkontor		56 753	74 983
6 943 485	6 966 017	Sum driftskostnader		6 976 859	6 899 666
-133 069	-285 387	Driftsresultat		-108 333	-222 094
1 085	1 129	Resultat frå tilknytta selskap	10	0	0
82 183	101 208	Renteinntekt		81 431	90 186
7 817	16 624	Anna finansinntekt		8 207	18 997
46 645	53 010	Rentekostnad		12 305	15 039
12 450	1 288	Annan finanskostnad		12 223	1 012
31 990	64 663	Sum finanspostar		65 110	93 132
-101 079	-220 724	Resultat føre skattekostnad		-43 223	-128 963
72 311	-19 370	Skattekostnad	11	724	478
-173 390	-201 354	Årsresultat		-43 947	-129 441
Overføringar og disponeringar					
-173 390	-201 354	Overført til annan eigenkapital	EK	-43 947	-129 441

Balanse
(beløp i hele 1 000)

Konsern			NRK AS		
31.12.2025	31.12.2024		Note	31.12.2025	31.12.2024
Eigedelar					
Anleggsmiddel					
Immaterielle anleggsmiddel					
260 857	322 209	IT-system / Programvare	8	260 857	322 209
738	73 395	Utsatt skattefordel	11	0	0
261 595	395 603	Sum immaterielle anleggsmiddel		260 857	322 209
Varige driftsmiddel					
1 665 209	1 189 762	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	8	539 908	553 457
1 323 260	742 065	Andre driftsmiddel	8	1 211 796	736 752
2 998 469	1 931 827	Sum varige driftsmiddel		1 931 827	1 290 209
Finansielle anleggsmiddel					
0	0	Investeringar i dotterselskap	10	409 786	263 869
4 930	6 300	Investeringar i tilknytta selskap og felleskontrollert verksemd	10	13 350	13 350
3 426	3 426	Investeringar i aksjar og andelar	12	3 426	3 426
507	893	Langsiktige fordringar	13	498 221	51 236
9 402	8 863	Sum finansielle anleggsmiddel		924 783	331 881
3 259 466	2 336 293	Sum anleggsmiddel		2 937 344	1 944 299
Omløpsmiddel					
Behaldningar					
2819	4 080	Teknisk utstyr og rekvisita		2 819	4 080
1 265 017	1 089 112	Sportsrettigheiter	4	1 265 017	1 089 112
680 609	693 355	Innkjøpte program	4	680 609	693 355
319 733	291 869	Eigenproduserte varer i arbeid	4	219 733	291 869
2 268 178	2 078 416	Sum behaldningar		2 268 178	2 078 416
Fordringar					
30 207	32 718	Kundefordringar	14	17 523	20 437
0	0	Konsernfordringar	3	16 881	15 905
315 569	210 651	Andre fordringar	15	312 436	204 593
345 776	243 369	Sum fordringar		346 840	240 935
Bankinnskot/kontantar og liknande					
631 610	529 770	Bankinnskot og kontantar	16	342 085	330 070
3 245 565	2 851 556	Sum omløpsmiddel		2 957 103	2 649 422
6 505 030	5 187 849	Sum eigedelar		5 894 448	4 593 720

Balanse
(beløp i hele 1 000)

Konsern			NRK AS		
31.12.2025	31.12.2024		Note	31.12.2025	31.12.2024
Eigenkapital og gjeld					
Eigenkapital					
Innskutt eigenkapital					
1 000 000	1 000 000	Aksjekapital	17, EK	1 000 000	1 000 000
Opptent eigenkapital					
168 333	326 649	Annan eigenkapital	EK	394 236	423 000
1 168 333	1 326 649	Sum eigenkapital		1 394 236	1 423 000
Gjeld					
Avsetning for forpliktingar					
109 480	130 363	Pensjonsforpliktingar	6	109 480	130 363
109 480	130 363	Sum avsetning for forpliktingar		109 480	130 363
Anna langsiktig gjeld					
1 185 000	600 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	18	585 000	0
200 000	200 000	Forskotsbetaling sal tomt	18	200 000	200 000
1 385 000	800 000	Sum anna langsiktig gjeld		785 000	200 000
Kortsiktig gjeld					
1 193 114	617 941	Gjeld til kredittinstitusjonar		1 085 207	533 810
416 778	344 602	Leverandørgjeld	3	361 399	340 288
252 795	252 597	Skuldige offentlege avgifter		252 795	252 597
724	478	Betalbar skatt	11	724	478
1 978 805	1 715 218	Anna kortsiktig gjeld	19	1 905 607	1 713 184
3 842 217	2 930 837	Sum kortsiktig gjeld		3 605 731	2 840 358
5 336 698	3 861 199	Sum gjeld		4 500 212	3 170 721
6 505 030	5 187 849	Sum eigenkapital og gjeld		5 894 448	4 593 720

Oslo, 7. april 2026
(elektronisk signert)

Jan Erik Kjerpeseth
(styreleiar)

Åsne
Havnelid

Shahzad
Abid

Arild
Grande

Hege
Aasen Veiseth

Torunn
Myhre

Elin
Fossum

Vibeke Fürst Haugen
administrerande direktør/kringkastingssjef

Erik
Vold

Kontantstraumsanalyse

Konsern			NRK AS	
2025	2024		2025	2024
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar:				
-101 079	-220 724	Resultat føre skattekostnad	-43 219	-128 963
-478	-586	Periodens betalte skattar	-478	-586
-1 085	-1 129	Resultat frå tilknytta selskap	0	0
293 724	298 343	Ordinære avskrivningar	262 188	272 169
18 828	0	Nedskrivning	18 828	0
-9 506	0	Utrangering anleggsmidler	-9 506	0
-13 261	24 261	Endringar i varelager	-13 261	24261
2 511	4 001	Endringar i kundefordringar	2 914	3 052
0	0	Endringar i konsernfordringar	-976	33 960
72 176	-43 606	Endring i leverandørgjeld	21 111	-44 944
-5 703	-6 613	Skilnad mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetaling i pensjonsordning	-5 703	-6 613
-175 905	214 455	Endring i sportsrettigheiter	-175 905	214 455
-104 918	-2 952	Andre fordringar	-107 843	1 686
45	386	Langsiktige fordringar	45	386
198	9 506	Skyldig off. avg.	198	9 506
264 552	-118 002	Anna kortsiktig gjeld	192 422	-115 045
239 504	157 341	Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar:	140 219	263 325
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar:				
-1 345 423	-524 371	Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmiddel	-718 741	-524 221
0	0	Investeringar i dotterselskap	-145 917	0
47 087	0	Innbetaling ved salg av varige driftsmidler	47 087	0
500	2 500	Innbetaling av utbytte frå tilknytta selskap	0	0
-1 297 836	-521 871	Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar:	-817 570	-524 221
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar:				
		Utbetaling av lån til døtre	-447 030	-50 729
1 160 173	339 326	Utbetaling/innbetaling kortsiktig gjeld knytt til kassekreditt	1 136 396	326 923
1 160 173	339 326	Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	689 366	276 194
101 841	-25 204	Netto endringar i kontantar og kontantekvivalentar	12 015	15 298
529 769	554 974	Behaldningar av kontantar og kontantekvivalentar 1.1.	330 070	314 772
631 611	529 769	Behaldningar av kontantar og kontantekvivalentar 31.12	342 085	330 070

Eigenkapital

NRK AS			
	Aksjekapital	Annen egenkapital	Sum egenkapital
Eigenkapital 31.12.2023	1 000 000	546 818	1 546 818
Ikkje amortisert estimatavvik		5 623	5 623
Årsresultat		-129 441	-129 441
Eigenkapital 31.12.2024	1 000 000	423 000	1 423 000
Ikkje amortisert estimatavvik		15 180	15 180
Årsresultat		-43 944	-43 944
Eigenkapital 31.12.2025	1 000 000	394 236	1 394 236
Konsern			
Eigenkapital 31.12.2023	1 000 000	522 380	1 522 380
Ikkje amortisert estimatavvik		5 623	5 623
Årsresultat		-201 354	-201 354
Eigenkapital 31.12.2024	1 000 000	326 649	1 326 649
Ikkje amortisert estimatavvik		15 180	15 180
Uforklart avvik		-106	-106
Årsresultat		-173 390	-173 390
Eigenkapital 31.12.2025	1 000 000	168 333	1 168 333

NRK følgjer Norsk Rekneskapsstandard 6 om pensjonskostnader. De estimerte verdiane blir korrigerte kvart år i samsvar med berekning gjennomført av aktuar. Endringar i pensjonsforpliktinga som kjem av endring i dei aktuar-messige berekningsføresetnadene i rekneskapsperioden, såkalla ikkje-amortisert estimatavvik, blir berekna og ført direkte mot eigenkapitalen.

Ved utgangen av 2025 har Ensjøveien 7 negativ eigenkapital med 133,8 millionar kroner og har trekt 107,9 millionar kroner på kassekreditten. NRK Normannsløkka AS har eigenkapital som er positiv med 107,5 millionar kroner og har ein positiv likviditet på 29,2 millionar kroner. Løpande drift i NRK Normannsløkka AS og Ensjøveien 7 AS vil dels bli sikra ved vidare opplåning knytt til byggeprosjektet på Ensjø, og dels ved konsernbidrag frå NRK Aktivum. NRK AS vil ved behov stilla morselskapsgaranti overfor NRK Normannsløkka AS og Ensjøveien 7 AS.

NRK Aktivum AS hadde ved utgangen av 2025 eigenkapital som er positiv med 180,9 millionar kroner og ein likviditet som er positiv med 197,9 millionar kroner.

Holtermanns veg Utvikling AS har positiv eigenkapital med 43,6 millionar kroner. Selskapet har ein positiv likviditet på 62,5 millionar kroner.

NRK har ut i frå inngåtte avtalar betydelege merverdiar knytt til eigedomen på Marienlyst. Desse vil kome fram på tidspunktet for Ferds overtaking av eigedomen, seinast i 2033.

Notar til rekneskapen for 2025

Oversyn over notar

- Note 1Rekneskapsprinsipp
- Note 2Spesifikasjon av anna driftsinntekt
- Note 3Transaksjonar med nærståande partar
- Note 4Behaldning av innkjøpte og eigenproduserte program
- Note 5Lønskostnader, tal på tilsette og godtgjeringar
- Note 6Pensjonsforpliktingar
- Note 7Sendetekniske kostnader
- Note 8Varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar
- Note 9Spesifikasjon av andre driftskostnader
- Note 10Dotterselskap, tilknytte selskap og felleskontrollert verksemd
- Note 11Skatt
- Note 12Aksjar og andelar
- Note 13Langsiktige fordringar / andre avsetningar for forpliktingar
- Note 14Kundefordringar
- Note 15Andre fordringar
- Note 16Bankinnskot
- Note 17Tal på aksjar, aksjeeigarar
- Note 18Langsiktig gjeld
- Note 19Anna kortsiktig gjeld
- Note 20Valutaterminkontraktar
- Note 21Hendingar etter balansedagen

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Utarbeiding av konsernrekneskap

Konsernrekneskapen omfattar morselskapet NRK AS (NRK), dotterselskapa NRK Aktivum AS, NRK Normannsløkka AS, Ensjøveien 7 AS og Holtermanns Veg Utvikling AS, dei tilknytte selskapa Norsk Radio AS og Faktisk.no AS, og dessutan den felleskontrollerte verksemda Norges Televisjon AS. Holtermanns Veg Utvikling AS er rekna inn i konsernrekneskapen med verknad frå 8. oktober 2025. Konsernrekneskapen er utarbeidd som om konsernet var éi økonomisk eining. Transaksjonar og mellomverande mellom mor- og dotterselskap er eliminerte.

Konsernrekneskapen er utarbeidd etter einsarta prinsipp, ved at dotterselskapa følgjer dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet. I morselskapet blir tilknytte selskap vurderte etter kostmetoden. Dei tilknytte selskapa og den felleskontrollerte verksemda er vurdert etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen. Alle beløp er i heile 1000, med mindre noko anna er angitt.

Kontantstraumsoppstillinga

Kontantstrømoppstillinga blir utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar som umiddelbart og med uvesentleg kursrisiko kan konverterast til kjende kontantbeløp og med forfallsdato kortare enn tre månader frå anskaffingsdato.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet, og dessutan postar som knytter seg til senderettar. Andre poster er klassifisert som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste verdi av anskaffingskost og verkeleg verdi. Eigenproduserte program blir balanseført til tilverkingskost, det vil seie at både direkte og indirekte kostnader er sett i samanheng med programproduksjonane. Eigenproduserte program blir vurderte til lågaste verdi av tilverkingskost og verkeleg verdi.

Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Anleggsmiddel blir vurderte til anskaffingskost. Varige driftsmiddel blir avskrivne etter ein fornuftig avskrivingsplan over den forventade økonomiske levetida til driftsmiddelet. Anleggsmidla blir

nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er venta å vere forbigåande.

Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar er balanseført i den utstrekninga kriteria for balanseføring er oppfylt. Immaterielle eigedelar i NRKs rekneskapar er balanseførte IT-system/programvare, både eigenutvikla og innkjøpte.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne over levetida til driftsmiddelet dersom dei har levetid over tre år og har ein kostpris som overstig 500.000 kroner. Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført løpande som driftskostnader, medan påkostnader eller forbedringar blir tillagde kostprisen til driftsmiddelet og blir avskrivne i takt med driftsmiddelet.

I dotterselskapa blir driftsmiddel balanseført og avskrive dersom dei har levetid over tre år og kostpris som overstig 15.000 kroner.

Varige driftsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er venta å vere forbigåande.

Dotterselskap, tilknytte selskap, felleskontrollerte verksemder, aksjar og andelar

Dotterselskap, tilknytte selskap, felleskontrollerte verksemder, aksjar og andelar blir vurderte etter kostmetoden i selskapsrekneskapen til NRK. Investeringsprofilen er vurderte til anskaffingskost for aksjane, med mindre nedskriving har vore nødvendig. Det er gjennomført nedskriving til verkeleg verdi når verdifall kjem av årsaker som ikkje kan reknast med å vere forbigåande og det må reknast som nødvendig etter god rekneskapsskikk. Nedskrivingar er reverserte når grunnlaget for nedskriving ikkje lenger er til stades. I konsernrekneskapen blir tilknytte selskap vurderte og felleskontrollerte verksemder til eigenkapitalmetoden. Andre investeringar blir vurderte etter same prinsipp som i selskapsrekneskapen.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. For kundefordringar blir det gjort ei sjablongmessig avsetning for å dekkje antatt tap. For andre fordringar blir det gjort avsetning til tap på grunnlag av ei individuell vurdering av kvar enkelt fordring.

Valuta

Pengepostar på bankkontoar i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen på balanse- tidspunktet, såfram dei ikkje inngår i sikringsposisjon. Bokførte transaksjonar i framand valuta blir rekna om til transaksjonskurs, såfram dei ikkje er sikra. Valutagevinstar eller -tap ved ikkje-sikra transaksjonar blir presenterte som annan finansinntekt eller -kostnad.

Finansiell risiko

NRK AS forvaltar overskotslikviditeten sin innanfor klart definerte rammer, for å ha eit aktivt forhold til finansiell risiko. Investeringsuniverset er definert til utferdarar i den norske penge- og rentemarknaden, og utferdarar skal vere denominert i NOK. Følgande instrument kan nyttast: bankinnskot, pengemarknadsfond, obligasjonsfond, kortsiktige plasseringar i forsikrings-selskap, kredittføretak og eit utval industriselskap mot gjeldsbrev, og dessutan sertifikat og obligasjonar ferda ut av stat, kommunar, bank, forsikring, kredittføretak og industriselskap.

NRK AS ønskjer å ha ein låg kredittisiko på plasseringane, og investeringsprofilen er rekna som konservativ. Alle utferdarar i privat sektor og statlege selskap skal ha rating innanfor kvalitetssegmentet «investment grade». Kommunar skal ikkje stå på robek-lista, og bankar skal ha ein forvaltningskapital på minimum 10 milliardar kroner. Kvar utferdar har maktgrense for plassering bortsett frå statsobligasjonar, som er uavgrensa. Likviditetsrisikoen er anslått som låg då rentepapir frå utferdarane på lista blir rekna som svært omsettelege.

Organisering, styring og kontroll av finansaktivitetane

Finansforvaltninga i NRK er organisert slik: styret, kringkastingsjef, økonomi- og finansdirektør, økonomisjef konsern og finansforvaltar. Styret fastset retningslinjene og regelverket for finansforvaltninga. Dette skjer gjennom styrebehandling kvart år. Skriftleg fullmakt er gitt til dei personane som har rett til å utføre finansielle transaksjonar. Fullmakta er tidsavgrensa til maksimalt 2 år. Kontroll av finansaktivitetane blir utført løpande med jamleg rapportering til styret, økonomi- og finansdirektør og økonomisjef konsern.

Valutasikringar

NRK har valutarisiko knytt til kjøp av varer og tenester med oppgjør i utanlandsk valuta. Valutainntekter finst i liten grad. Følgjande instrument blir nytta: spotvekslingar, terminkontraktar og dessutan valutakontoar tilknytt konsernkonto. Sikringskontraktar skal berre inngåast med på førehand godkjende motpartar. Valutasikring blir gjort for å sikre valutatransaksjonane våre, ikkje i spekulasjonssamanheng. Framtidige betalingsforpliktingar i utanlandsk valuta med ein venta verdi større enn 10 millionar kroner blir sikra ved kjøp av terminkontraktar i utanlandsk valuta. Prinsippa i rekneskapslova for sikringsbokføring blir brukt ved rekneskapsføring av sikra framtidige betalingsforpliktingar. Det vil seie at verdiendring av sikringsinstrumenta (terminkontraktane) og sikringsobjekta (framtidige betalingsforpliktingar) ikkje blir rekneskapsført, men blir samanlikna på betalingsdagspunktet.

Effektiviteten til sikringsforholdet blir vurdert og dokumentert ved inngåing av sikring og på balansedagen. Den effektive delen av sikringa er ikkje gjenstand for

balanseføring. Resultateffektane av sikringsinstrumentet blir presentert på same rekneskapslinje som tilhøyrande sikringsobjekt. Dersom sikringa ikkje tilfredsstiller kriteria for sikringsbokføring, blir sikringsinstrumentet balanseført til verkeleg verdi.

Plasseringar

Plasseringar i sertifikat blir vurdert til lågaste av gjennomsnittleg anskaffingskost og verkeleg verdi på balansedagen.

Behaldningar

Ved innkjøp av program og sportsrettar er hovudregelen at desse blir balanseført ved kjøp og blir kostnadsført når dei blir viste. Avtalt kontraktsverdi som ikkje er betalt, er ført som kortsiktig gjeld.

Innkjøpte filmar og seriar, og dessutan entrepriseproduksjonar frå eksterne produsentar, blir førte med brutto kontraktsverdi der avtalt kontraktsverdi som ikkje er betalt, er ført som kortsiktig gjeld. Behaldninga av eigenproduserte program er bokført til fullkost, det vil seie at både direkte og indirekte kostnader er sett i samanheng med programproduksjonane. Eigenproduserte program blir kostnadsførte ved førstegongs visning. Det blir årleg gjennomført ei vurdering knytt til nedskriving og ukurans.

Innkjøpte sportsrettar blir balanseførte til anskaffingskost, og dei blir kostnadsførte når arrangementet retten blir knytt til, blir vist. Sportsrettane er klassifiserte som ei behaldning. Det blir årleg gjennomført ei vurdering knytt til nedskriving og ukurans.

Leigeavtalar

Ein finansiell leigeavtale er ein leigeavtale der det mest vesentlege av den økonomiske risikoen og kontrollen som knytter seg til driftsmiddelet, er overført til leigetakar, men utan at sjølve eigedomsretten er overført.

Ein operasjonell leigeavtale er ein leigeavtale som ikkje er finansiell. Leigebetaling ved operasjonelle leigeavtalar blir kostnadsført lineært over leigeperioden.

Alle NRKs leigeavtalar er behandla som operasjonelle leigeavtalar.

Periodisering av inntekter/statstilskot

NRK AS blir finansiert over statsbudsjettet. Tilskotet blir utbetalt to gonger årleg, i høvesvis januar og juni. Tilskotet blir inntektsført det året tilskotet gjeld.

Andre inntekter

Andre inntekter blir resultatført når levering har funne stad og det mest vesentlege av risiko er overført. Sal av tenester blir resultatført i den perioden levering blir utført.

Pensjonar

NRK er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordningar som oppfyller krava etter lova. Rekneskapsføringa av pensjonskostnader skjer i samsvar med norsk rekneskapsstandard for pensjonskostnader.

Frå og med 1. januar 2016 har NRK etablert innskots-pensjonsordning i Storebrand. Vilååra for årleg innskot i innskotsordninga er 7 prosent av pensjonsgivande lønn i intervallet 0 G til 7,1 G, og 20 prosent for lønn i intervallet 7,1 G til 12 G.

NRK har ytingspensjonsordning i DNB for tilsette som var delvis uføre på tidspunktet for omdanning til innskots-pensjonsordning. Dette er ei lukka ordning. I tillegg har NRK usikra pensjonsordningar der pensjonsforplikt-ingane blir utbetalt over drifta.

NRK følgjer IAS 19 i samsvar med Norsk Rekneskaps-standard 6 om pensjonskostnader. Ved verdsetjinga av pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar er det nytta estimert verdi ved rekneskapsavslutninga. Dei estimerte verdiane blir korrigererte kvart år i samsvar med berekning gjort av aktuar.

Endringar i pensjonsforpliktinga som kjem av endring i dei aktuarmessige berekningsføresetnadene i rekne-skapsperioden, estimatavviket, blir berekna og ført direkte mot eigenkapitalen.

Note 2 Spesifisering av anna driftsinntekt

Konsern			NRK AS	
2025	2024		2025	2024
55 595	62 706	NRK Aktivum, royalties og sal av produksjonsressursar	55 595	63 270
42 142	89 015	Offentlege tilskot	42 142	89 015
40 640	38 486	Sal av arkivmateriale og program	40 640	38 486
10 913	5 336	Inntekter frå husleige og parkering	2 206	1 714
9 511	0	Vinst avgang anleggsmiddel	9 511	0
20 262	41 825	Andre inntekter	30 323	41 825
179 062	237 367	Sum andre driftsinntekter	180 419	234 309

Medlemmene i dei kollektive pensjonsordningane betaler sjølv 1,5 prosent av pensjonsgivande lønn til ordninga.

NRK er medlem av Fellesordninga for AFP. Premiesatsen for 2025 er 2,7 prosent av samla lønnsutbetalingar til den tilsette mellom 1 og 7,1 G (grunnbeløpet i Folketrygda).

Skatt

Morselskapet NRK AS er ikkje skattepliktig for hovud-verksemda si, berre for leigeinntekter knytt til framleige av ledige lokale og utleige av tilsette. Skattekostnaden i resultatrekneskapan omfattar såleis berre den betalbare skatten i perioden på netto leigeinntekter, skatt på gevinst ved sal av framleigde lokale, og dessutan utleige av tilsette. NRK AS rekneskapsfører følgeleg heller ikkje utsett skatt. Datterselskapa NRK Aktivum AS, NRK Normannsløkka AS og Ensjøveien 7 AS er skattepliktige. Skattekostnaden her omfattar såleis både betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 22 prosent på grunnlag av dei mellombelse forskjellane som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier, og dessutan likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode, er utlikna og nettoførte.

Note 3 Transaksjonar med nærståande partar

Morselskapets transaksjonar med datterselskap, tilknytta selskap og felleskontrollert verksemd:	2025	2024
Royalty, sal av tenester og renter:		
NRK Aktivum AS	68 391	75 979
NRK Normannsløkka AS	4 701	729
Ensjøveien 7	6 250	9 078
Holtermanns veg Utvikling AS	6 991	

Kjøp av varer og tenester:		
NRK Aktivum AS	57	71
Holtermanns veg Utvikling AS	7 004	0
Norges Televisjon AS	115 180	115 156
Norsk Radio AS	347	345

Morselskapets mellomverande med datterselskap, tilknytta selskap og felles kontrollert verksemd:	2025	2024
Fordringar		
NRK Aktivum AS	10 592	13 981
NRK Normannsløkka AS	226	200
Ensjøveien 7 AS	1 377	3 326
Holtermanns veg Utvikling AS	6 991	0
Andre fordringar (MVA døtre)	-2 305	-1 602
Sum	16 881	15 905

Leverandørgjeld NRK Aktivum AS	-1	-2
Leverandørgjeld Holtermanns veg Utvikling AS	-693	0

NRK AS har gjeve lån til Normannsløkka AS på 50 millionar kroner i 2024, og dessutan lån på tilsaman 95 millionar i 2025. Holtermanns veg Utvikling AS har fått eit lån på 347,3 millionar kroner i samband med oppkjøpet. NRK Normannsløkka AS har eit lån til Ensjøveien 7 AS på 167,7 millionar kroner inkl. renter. NRK Aktivum AS har gjeve eit konsernbidrag til Ensjøveien 7 AS på 14,3 millionar kroner i 2025.

Konsernets transaksjonar med tilknytta selskap og felleskontrollert verksemd:

Kjøp av varer og tenester:	2025	2024
Norges Televisjon AS	115 180	115 156
Norsk Radio AS	347	345

Note 4 Behaldning av innkjøpte og eigenproduserte program

Konsern			NRK AS	
2025	2024		2025	2024
97 773	118 104	Innkjøpte filmar og seriar	97 773	118 104
319 733	291 869	Eigne produksjonar under arbeid	319 733	291 869
580 314	571 551	Entrepri se produksjonar eksterne produsentar	580 314	571 551
2 523	3 701	Dubbingkostnader	2 523	3 701
1 265 017	1 089 112	Sportsrettigheiter	1 265 017	1 089 112
2 265 359	2 074 336	Sum	2 265 359	2 074 336

Innkjøpte og eigenproduserte program er vurderte til lågaste verdi av kostpris / produksjonskost og anteke sendeverdi.

Note 5 Lønskostnader, tal på tilsette og godtgjeringar

Konsern			NRK AS	
2025	2024		2025	2024
2 937 003	2 964 032	Løningar	2 937 003	2 964 032
415 605	410 261	Arbeidsgjevaravgift	415 605	410 261
-74 811	-158 264	Andre ytingar	-74 811	-158 264
3 277 797	3 216 029	Sum	3 277 797	3 216 029
3 182	3242	Gjennomsnittleg tal på årsverk	3182	3242

Samla godtgjering til kringkastingssjef (administrerande direktør) Vibeke Først Haugen i 2025 utgjorde 4 271 858 kroner, herav løn og feriepengar 4 013 580 kroner. Først Haugen er medlem i NRKs kollektive personforsikringsordningar. Det er innbetalt 223 921 kroner i pensjonspremie til dei kollektive pensjonsordningane i selskapet i 2025 for Først Haugen.

Samla godtgjering til styret i 2025 var 1 774 987 kroner, herav 373 164 kroner til styreleder, styrets nestleiar 233 253 kroner og andre styremedlemmer totalt 1 168 270 kroner. Varamedlemmene får godtgjering basert på oppmøte i styremøte gjennom året. Det er ikkje inngått avtale med styreleiar om særskilt vederlag ved opphøyr eller endring av verv, det er heller ikkje inngått avtale om bonus.

Det er kostnadsført følgjande honorar til revisor eksklusiv mva.:

Konsern			NRK AS	
2025	2024		2025	2024
1 025	982	Lovpålagd revisjon	563	654
27	73	Andre attestasjonstenester	27	34
0	77	Skatterådgeving	0	77
125	16	Andre tenester utanfor revisjon	65	16
1 177	1 147	Sum	655	781

Note 6 Pensjonsforpliktingar

NRK AS har ei innskotsbasert pensjonsordning i Storebrand. Vilkåra for årleg innskot i innskotsordninga er 7% av pensjonsgjevande løn i intervallet 0 G til 7,1 G og 20% for løn i intervallet 7,1 G til 12 G. Tilsette blir trekte 1,5% eigendel.

NRK har ei lukka ytingspensjonsordning i DNB for tilsette som var delvis uføre på lukningstidspunktet 31.12.2015. I tillegg har NRK usikra pensjonsordningar der pensjonsforpliktingane blir utbetalte over drifta.

NRK er tilslutta Fellesordninga for AFP som er ei tariffbasert pensjonsordning for tilsette i privat sektor. Ytinga er livsvarig og den tilsette kan ta ut ytinga frå fylte 62 år viss vilkåra for uttak er oppfylte.

Tal på medlemmer i ordningane:

Konsern			NRK AS	
2025	2024		2025	2024
Sikra ordning				
27	30	Pensjonistar	27	30
Usikra ordningar				
10	11	Yrkesaktive	10	11
201	208	Pensjonistar	201	208
AFP og innskotsordninga				
4 224	4 611	AFP og innskotsordninga	4 224	4 611

Årets pensjonskostnad:

Konsern			NRK AS	
2025	2024		2025	2024
Sikra og usikra ytingsordningar:				
421	392	Noverdi av årets pensjonsopptening	421	392
6 017	5 052	Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	6 017	5 052
-2 367	-1 991	Avkastning på pensjonsmidlar	-2 367	-1 991
689	693	Administrasjonskostnader	689	693
537	456	Arbeidsgjevaravgift	537	456
5 298	4 601	Netto pensjonskostnad	5 298	4 601

AFP Fellesordninga				
57 157	55 800	Innbetalt premie til AFP fellesordninga	57 157	55 800
7 545	7 366	Arbeidsgjevaravgift	7 545	7 366
64 702	63 165	Sum AFP Fellesordninga	64 702	63 165

Innskotspensjon				
251 781	234 302	Årets premie	251 781	234 302
-44 086	-42 122	Dekt av dei tilsette	-44 086	-42 122
29 276	30 928	Arbeidsgjevaravgift	29 276	30 928
236 971	223 108	Kostnad innskotspensjon	236 971	223 108
Kompensasjon avvikling ytingsordning, anna				
32 212	34 356	Kompensasjon avvikling ytingsordning, anna	32 212	34 356
339 183	325 231	Sum årets pensjonskostnad	339 183	325 231

Pensjonsforplikting:				
2025	2024	Pensjonsforplikting sikra og usikra ordningar	2025	2024
-158 136	-166 684	Balanseført forplikting 1/1	-158 136	-166 684
-421	-392	Årets pensjonsopptening	-421	-392
-6 017	-5 052	Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	-6 017	-5 052
16 944	6 558	Aktuarielt (tap) / vinst	16 944	6 558
7 716	7 434	Pensjonsutbetalingar	7 716	7 434
-139 914	-158 136	Balanseført forplikting 31/12	-139 914	-158 136
Pensjonsmiddel				
42 975	40 714	Pensjonsmiddel ved byrjinga av perioden	42 975	40 714
2 367	1 991	Forventa avkasting på pensjonsmidlane	2 367	1 991
-3 534	-1 591	Aktuarielt (tap)/ vinst	-3 534	-1 591
-609	-612	Administrasjonskostnader	-609	-612
2 001	2 473	Pensjonsutbetalingar	2 001	2 473
43 200	42 975	Pensjonsmiddel 31/12	43 200	42 975
-96 714	-115 161	Netto balanseført forplikting	-96 714	-115 161
-12 766	-15 201	Arbeidsgjevaravgift	-12 766	-15 201
-109 480	-130 363	Sum sikra og usikra ordningar	-109 480	-130 363
-109 480	-130 363	Sum pensjonsforplikting	-109 480	-130 363

Utrekningsføresetnader

Diskonteringsrente	3,90 %	3,90 %
Forventa avkasting på pensjonsmiddel (sikra ordning)	5,60 %	5,30 %
Årleg forventa lønsvekst	4,00 %	4,00 %
Årleg forventa G- regulering	3,75 %	3,75 %
Årleg forventa regulering av pensjonar under utbetaling	2,75 %	3,00 %

Dødelegheitstabell	K2013BE	K2013BE
Uføretariff	IR02	IR02
Gjennomsnittleg arbeidsgjevaravgiftssats	13,20 %	13,20 %

Note 7 Sendetekniske kostnader

NRK AS / Konsern		
	2025	2024
TV	114 561	114 486
Radio - analog	452	531
Radio - digital	225 014	219 595
Nett	34 103	32 466
Kontribusjon	15 119	15 119
Andre	1 765	3 568
Sum	391 093	385 765

Note 8 Varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar

Konsern							NRK AS						
Tomter	*Bygningar/ tekniske installa- sjonar	** Andre drifts- middel	*** Program- vare / system	Anlegg under utføring	SUM	2025	Tomter	*Bygningar/ tekniske installa- sjonar	** Andre drifts- middel	*** Program- vare / system	Anlegg under utføring	SUM	
701 212	1 684 186	2 250 986	666 024	322 355	5 624 764	Anskaffingskost 1.1	91 020	1 436 364	2 228 289	666 024	317 042	4 738 739	
47 523	544 832	168 998	32 402	551 668	1 345 423	Tilgang 2025	-	79 999	165 472	32 402	448 868	718 741	
-	9 331	37 756	-	-	47 087	Avgang 2025	14 919	959 009	37 756	-	-	47 087	
14 919	1 180 718	1 818 277	343 816	-	3 357 730	Akkumulerte av- og nedskriv. 1.1	14 919	959 009	1 795 580	343 816	-	3 113 324	
-	105 098	110 539	78 087	-	293 724	Årets avskrivingar	-	73 738	110 363	78 087	-	262 188	
-	2 325	947	15 556	-	18 828	Årets nedskrivingar	-	2 325	947	15 556	-	227 048	
-	41 626	180 010	5 412	-	227 048	Årets utrangeringar (aktiverte)	41 626	180 010	5 412	-	-	227 048	
-	41 474	176 781	5 301	-	223 556	Årets utrangeringar (avskrivingar)	-	41 474	176 781	5 301	-	223 556	
733 817	931 394	449 236	260 858	874 023	3 249 326	Bokført verdi 31.12.2025	76 102	463 808	445 885	260 857	765 910	2 012 562	

Tomter	*Bygningar/ tekniske installa- sjonar	** Andre drifts- middel	*** Program- vare / system	Anlegg under utføring	SUM	2024	Tomter	*Bygningar/ tekniske installa- sjonar	** Andre drifts- middel	*** Program- vare / system	Anlegg under utføring	SUM
Anskaffingskost 1.1												
701 212	1 575 238	2 062 153	523 127	239 275	5 101 005	Anskaffingskost 1.1	91 020	1 327 417	2 039 456	522 515	233 962	4 214 369
	108 948	188 833	143 510	83 080	524 371	Tilgang 2024	-	108 948	188 833	143 510	83 080	524 371
-	-	-	-	-	-	Avgang 2024	-	-	-	-	-	-
14 919	1 083 947	1 708 651	265 481	-	3 072 997	Akkumulerte av- og nedskriv. 1.1	14 919	888 351	1 685 953	264 930	-	2 854 154
-	96 771	122 626	78 947	-	298 343	Årets avskrivingar	-	70 658	122 626	78 885	-	272 169
-	-	(2 246)	-	-	(2 246)	Årets utrangeringar (aktiverte)	-	-	- 2 246	-	-	(2 246)
-	-	2 246	-	-	2 246	Årets utrangeringar (avskrivingar)	-	-	2 246	-	-	2 246
686 293	503 468	419 710	322 209	322 209	2 254 035	Bokført verdi 31.12.2024	76 102	477 355	419 710	322 209	317 042	1 612 418

*) 5 - 40 år	**) 4 - 10 år	***) immaterielle	Økonomisk levetid	*) 5 - 40 år	**) 4 - 10 år	***) immaterielle
Lineær	Lineær	eigedelar	Avskrivingsplan	Lineær	Lineær	eigedelar

Årleg leige av ikkje-balanseførte driftsmiddel:

Avdeling	Utleigar	Inkl. felleskost og parkering		Kontrakt spring til	Rett til å seia opp i leigetida	Rett til fornying	Rett til å overta bygg	Merknad
		2025	2024					
MediaCity Bergen	Lars Hillesgt 30 AS	23 096	22 306	26/08/2037	Nei	18 mnd/10 år	Nei	-
Trondheim	Holtermanns Veg Utvikling A/S	7 338	0	30/09/2045	JA	-	Ja	NRK er eier av selskapet
Publikumsservice	Mo Industripark	935	903	30/04/2030	12 mnd	6 mnd	Nei	-
Østlandssendingen	Myren Eiendom AS	5 375	4 984	30/11/2033	Ja	Nei	Nei	Sagt opp og utflyttet
Møre og Romsdal	Kremmergarden Holding A/S	3 507	3 510	31/01/2031	Nei	Ja, 2 x 5 år	Nei	Forlenging til same vilkår
Buskerud	Grønland 32 B AS	3 096	3 063	31/03/2031	Nei	Ja, 2 x 5 år	Nei	Forlenging til marknadsmessige vilkår
Oslo	Vollaveien 20 AS	2 259	2 074	30/04/2027	6 mnd	Nei	Nei	Løpande
Vestfold	Øvre Langgt 50 AS	2 300	2 188	Løpande	12 mnd	-	Nei	-
Alta	Industrifeldt Eiendom AS	3 229	2 297	01/12/2034	Ja	Nei	Nei	Kan seiast opp frå 01.12.2030
Sørlandet	Markensgate 9 AS	3 639	3 128	31/05/2033	Nei	Ja, 1 x 5 år	Nei	-
Bodø	Bodø Sentrumseiendom AS	4 799	4 544	18/04/2029	Nei	Ja, 2 x 5 år	Nei	-
Porsgrunn	Storgata 137 AS	3 293	3 238	30/11/2029	Nei	Ja, 2 x 5 år	Nei	-
Fredrikstad	Stadion Nord	3 260	3 485	26/06/2032	Nei	Ja, 2 x 5 år	Nei	-
Førde	Storehagen Eigedom AS	3 823	3 758	31/03/2033	Nei	Ja, 2 x 5 år	Nei	-
Utenrikskorrespondentar*		7 760	7 231					
Andre *		9 020	8 863					
Sum husleigekostnader		86 727	75 572					

* NRK har ca 50 eksterne leigekontraktar for leige av lokale til eigne produksjonsavdelingar, korrespondentar og i somme tilfelle for tilsette. Majoriteten av kontraktane er inngåtte i norske kroner, mens kontraktar for utenlandskorrespondentar er inngåtte i lokal valuta. Kontraktane kan seiast opp i leigetida. Alle kontraktar er vurderte som operasjonelle.

Note 9 Spesifisering av andre driftskostnader

Konsern			NRK AS	
2025	2024		2025	2024
1 314 928	1 321 663	Rettigheiter	1 314 928	1 321 663
2 395	-450	Tap på fordringar	-61	-689
331 146	289 078	Kjøp og vedlikehald utstyr m.m.	331 146	289 078
219 434	187 115	Kostnader lokale	216 544	183 797
103 112	125 336	Reisekostnader	102 998	125 183
239 437	225 378	Leige utstyr/tenester	239 437	225 378
20 916	21 949	Tele, data og porto	20 916	21 949
209 307	231 599	Andre driftskostnader	219 587	196 051
2 440 675	2 401 668	Sum andre driftskostnader	2 445 495	2 362 410

Note 10 Datterselskap, tilknytta selskap og felleskontrollert verksemd

			NRK AS	
	Forretnings- kontor	Eigar- og stemmeandel	Bokført verdi	
			2025	2024
Datterselskap:				
NRK Aktivum AS	Oslo	100 %	49 000	49 000
NRK Normannsløkka AS	Oslo	100 %	214 869	214 869
Holtermanns Veg Utvikling AS	Oslo	100 %	145 917	0
			409 786	263 869
Felleskontrollert verksemd:				
Norges Television AS	Oslo	50,00 %	13 250	13 250
Tilknyttta selskap:				
Norsk Radio AS	Oslo	33,33 %	50	50
Faktisk.NO AS	Oslo	16,67 %	50	50

Bokført verdi av tilknytta og felleskontrollerte selskap	13 350	13 350
--	--------	--------

NRK Normannsløkka AS er eit holdingselskap som vart oppretta for å eiga aksjane i eigedomsselskapet Ensjøveien 7 AS, der NRK skal oppføra nytt hovudkontor. Holtermanns Veg Utvikling AS eig lokala der NRK skal flytta inn i løpet av 2026.

Konsern								
	Forretnings-kontor	Eigar- og stemmeandel	Bokført verdi	Andel resultat Utbytte		Bokført verdi	Eigen-kapital	Resultat
				2025	2025			
Felleskontrollert verksemd							100 %	100 %
Norges Televisjon AS	Oslo	50,00 %	5 355	1 116	500	4 739	8 214	2 280
Tilknyttet selskap								
Norsk Radio AS	Oslo	33,33 %	109	-31		140	327	-92
Faktisk.NO AS	Oslo	16,67 %	50	0	0	50	300	0
Bokført verdi av tilknytta og felleskontrollerte selskap			5 514	1 085	500	4 929		

Tala byggjer på førebels resultat før resultatdisponering, då det ikkje føreligg endeleg rekneskap.

Inntekt fra tilknyttet selskap:			NRK AS	
Konsern			2025	2024
2025	2024			
0	0	Utbytte frå tilknytt selskap (Norges Televisjon AS)	500	2500
Resultat frå tilknytta/felleskontrollerte selskap:				
1 116	1 119	- Norges Televisjon AS	0	0
-31	10	- Norsk Radio AS	0	0
1 085	1 129	Sum resultat frå tilknytta selskap	500	2 500

Note 11 Skatt

NRK er ikkje skattepliktig for den ordinære verksemda. Netto leigeinntekter på fast eigedom utanfor ordinær verksemd blir skattlagde. NRK AS rekneskapsfører ikkje utsett skatt. Utsett skatt i konsernrekneskapen svarar såleis til utsett skatt i dotterselskap. Grunnlag for årets skattekostnad består av skattepliktig inntekt i selskapet/konsernet. Det er teke omsyn til eventuelle permanente skilnader og endringar i mellombelse skilnader.

Konsern			NRK AS	
2025	2024		2025	2024
3 291	2 174	Grunnlag for årets skattekostnad	3 291	2 174
724	478	Skatt 22%	724	478
724	478	Årets betalbare skatt	724	478
Årets skattekostnad består av				
3 877	4 204	Betalbar skatt	724	478
68 435	-23 574	Endring utsett skatt	0	0
72 311	-19 370	Årets skattekostnad	724	478

Mellombelse skilnader i konsernrekneskapen:

	31.12.2025	Årets endring	31.12.2024	Årets endring	31.12.2023
Driftsmiddel	-173 012	-9 454	-182 466	20 697	-161 770
Varebeholdning	0	0	0	0	0
Uteståande fordringar	-2 611	2 400	-211	-55	-266
Vinst-/tapskonto	45	11	56	14	70
Andre skilnader	0	0	0	0	0
Underskot til framføring	-210 946	59 955	-150 991	69 562	-81 430
Netto mellombelse skilnader	-386 525	52 912	-333 613	90 218	-243 395
Skatteprosent	22 %	22 %	22 %	22 %	22 %
Utsett skattefordel av dette	85 035		73 395		53 547
Inngår ikke i beregning utsatt skatt	-84 297				
	783				

	NRK AS
Skattemessig vinst ved sal av Minde, ført på Vinst- og tapskonto i NRK AS	3 972
Av dette inntektsført i 2017 -2024	-3 305
Av dette inntektsført i 2025	-133
Rest til inntektsføring i 2026	533

Skattemessig vinst ved sal av Sørlandet, ført på Vinst- og tapskonto i NRK AS	1 791
Av dette inntektsført i 2018-2024	-1 415
Av dette inntektsført i 2025	-75
Rest til inntektsføring i 2026	301

Skattemessig tap ved sal av Bodø, ført på Vinst- og tapskonto i NRK AS	-1 986
Av dette tapsført i 2019-2024	1 465
Av dette tapsført i 2025	104
Rest til tapsføring i 2026	-417

Skattemessig vinst ved sal av Ullevålsveien 111A, ført på Vinst- og tapskonto i NRK AS	3 500
Av dette inntektsført i 2025	-700
Rest til inntektsføring i 2026	2 800

Netto skattepliktige leigeinntekter i 2025	-1710
Skattepliktig del utleige av tilsette til NRK Aktivum AS i 2025	-777
Grunnlag for årets skattekostnad	-3 291

NRK AS rekneskapsfører ikkje utsett skatt, og beløpet er derfor ikkje teke inn i oppstillinga over.

Note 12 Aksjar og andelar

Investeringar i aksjar og andelar:			Balanseverdi	
Firma	Forretningskontor	Eigarandel	2025	2024
NTB AS	Oslo	11 %	3 357	3 357
Andre		< 10 %	70	70
Sum investering i aksjar og andelar			3 426	3 426

Note 13 Langsiktige fordringar / andre avsetningar for forpliktingar

Langsiktige fordringar			NRK AS	
Konsern			2025	2024
2025	2024			
0	0	NRK Normannsløkka AS inkl. renter	150 430	50 729
0	0	Holtermanns Veg Utvikling AS	347 329	0
0	0	Saldo per 31.12	497 759	50 729
462	507	Lån til tilsette	462	507
462	507	Sum langsiktige fordringar	498 221	51 236

Totale lån til NRK Normannsløkka AS er på 150 430 millionar kroner, herav renter 5,43 millionar kroner. Lån til nyoppkjøpt selskap, Holtermanns Veg Utvikling AS, utgjør 347 329 millionar kroner. Renter blir fakturerte årleg.

Note 14

Kundefordringar

Konsern			NRK AS	
2025	2024		2025	2024
31 116	33 267	Kundefordringar	17 868	20 710
909	548	Avsetning til tap på kundefordringar	345	272
30 207	32 718	Sum kundefordringar	17 523	20 437
Fordring konsernselskap				
Fordring døtrer			19 187	17 506
6. termin MVA (fellesreg. døtrer)			-2 305	-1 602
Sum konsernfordringar			16 881	15 905

For kundefordringar er det ingen kundar eller gruppe av kundar som kan oppfattast som ei eining som åleine står for meir enn 10 % av kundefordringane.

Note 15

Andre fordringar

Konsern			NRK AS	
2025	2024		2025	2024
107 237	93 947	Meirverdiavgift til gode	107 237	93 947
14 969	7 271	Refusjon sjukepengar	14 969	7 271
904 644	67 383	Forskotsbetalte kostnader	904 644	67 383
-711 281	42 050	Anna	-714 414	35 991
315 569	210 651	Sum andre fordringar	312 436	204 593

Note 16

Bankinnskot

Konsern			NRK AS	
2025	2024		2025	2024
631 610	529 770	Sum bankinnskot	342 085	330 070
Av dette bundne				
139 180	134 759	Tilsettes skattetrekk	139 180	134 759
181 216	152 582	Nordisk TV-samarbeidsfond	181 216	152 582
2 722	3 857	Norvision research og utvikling	2 722	3 857
323 118	291 198	Bundne middel	323 118	291 198

Per 31.12.25 har NRK AS brukt 1,085 milliardar kroner av ei trekkramme for kassekreditt på 1,4 milliardar kroner.
Per 31.12.25 har NRK Normannsløkka AS og Ensjøveien 7 AS samla brukt 78,7 millionar kroner (hhv +29,2 millionar og -107,9 millionar kroner) av trekkramma for kassekreditt på 100 millionar kroner).

Note 17

Tal på aksjar, aksjeeigarar

Staten eig alle aksjane i NRK. Generalforsamlinga er Kulturdepartementet ved Statsråden.
Aksjekapitalen består av 1 million aksjar med samla pålydande 1 milliard kroner.

Note 18

Langsiktig gjeld

NRK har motteke forskotsbetaling på 200 millionar kroner frå Ferd for kjøp av NRKs eigedom på Marienlyst i Oslo. Dette er ført som ei langsiktig gjeld. Dersom NRK ikkje flytter innan avtalt tid, blir kjøpet heva og beløpet betalt attende med renter. Då ein ser det som svært lite sannsynleg at NRK ikkje flytter er det ikkje berekna kalkulatoriske renter på dette.

NRK konsern har eit bedriftslån på 600 millionar kroner knytt til kjøp av tomt i Ensjøveien til nytt hovudkontor.

NRK har kjøpt 100% av aksjane i Holtermanns veg Utvikling AS frå Entra ASA. Selskapet vart overteke 8. oktober 2025. NRK har teke opp eit langsiktig lån på 585 mill kroner for å kjøpa selskapet og dessutan til dekning av bygningsmessige tilpassingar. Holtermanns veg Utvikling AS leiger ut lokala til NRK AS.

Note 19

Anna kortsiktig gjeld

Konsern			NRK AS	
2025	2024		2025	2024
328 127	280 491	Rettigheiter	328 127	280 491
35 086	33 584	Skuldig overtid	35 086	33 584
347 501	398 227	Avsett feriepengar og løn	347 501	398 227
180 719	150 723	Nordisk TV-samarb. og NV research og utvikling	180 719	150 723
904 194	741 022	Avtalefesta skuldige sportsrettigheiter	904 194	741 022
183 178	111 172	Andre påløpne kostnader	109 981	109 138
1 978 805	1 715 218	Sum anna kortsiktig gjeld	1 905 607	1 713 184

Note 20 Valutaterminkontraktar

Valutaterminkontraktar er inngåtte for å avgrensa valutarisiko ved framtidige betalingsforpliktingar i utenlandsk valuta. Praxis for valutasikring i NRK AS er å sikra alle kontraktar over 10 millionar kroner. Pr 31.12 er det inngått avtalar i følgjande valutaer med gjevne beløp i respektive valuta (utrekna på avtaletidspunktet til avtalte kursar):

2025					2024				
Valuta	Valuta-beløp	Norske kroner	Marknads-verdi i norske kroner	Differanse mellom kontrakts- og marknads-verdi	Valuta-beløp	Norske kroner	Marknads-verdi i norske kroner	Differanse mellom kontrakts- og marknads-verdi	
USD	1 425	15 404	14 383	-1 021	2 850	30 776	32 307	1 532	
CHF	1 200	15 654	15 599	-55	1 800	23 284	23 578	295	
EUR	53 324	639 435	646 857	7 422	22 728	257 101	274 217	17 115	
Sum urealisert vinst / tap (-)				6 346					18 942

Per 31.12.25 har NRK AS 68 løpande terminkontraktar for valutasikring.

Valutasikring blir bokført etter NRS 18 Finansielle eigedelar og forpliktingar ved at vinstar og tap frå sikringsinstrumentet blir samanstilte med vinstar og tap frå sikringsobjektet.

Note 21 Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje vore vesentlige hendingar etter balansedagen som har noko å seia for rekneskapen.

Melding frå uavhengig revisor



BDO AS
Bygdøy allé 2
Postboks 1704 Vik
0121 Oslo

Til generalforsamlinga i Norsk Rikskringkasting AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Norsk Rikskringkasting AS.

Årsrekneskapen består av: - Selskapsrekneskapen, som består av balanse per 31. desember 2025, resultatrekneskap, oppstilling over kontantstraumar for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen og notar, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp - Konsernrekneskapen, som består av balanse per 31. desember 2025, resultatrekneskap, oppstilling over kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.	Etter vår meining: - Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav - Gjev selskapsrekneskapen eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga i selskapet per 31. desember 2025, og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg - Gir konsernrekneskapen eit rettvisande bilete av konsernet Norsk Rikskringkasting AS si finansielle stilling per 31. desember 2025, og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg
--	--

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet i samsvar med krava i relevante i lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (inklusive dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje annan informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld



vesentleg feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere dersom annan informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningar som skal givast i tråd med gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for nødvendig internkontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om forhold av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgåver og plikter visast det til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

BDO AS

Terje Tvedt
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Penneo document key: QLMFK-C8CQ-GENZO-4ARZA-LJNGN-00UVH

Utgreiing av aktsemdsvurderingar etter openheitslova

1. Innleiing

Openheitslova forpliktar NRK til å utføre aktsemdsvurderingar i tråd med OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap, å svare på førespurnader frå allmenta, og gjere greie for arbeidet med aktsemdsvurderingar. Aktsemdsvurderingar er ein prosess der selskap kan kartlegge, førebygge, avgrense og gjere greie for korleis dei handterer eksisterande og potensielle negative konsekvensar av verksemda si.

1.1 NRK og forankring av ansvarlegheit
NRK er Noregs offentleg eigde allmennkringkastar, med eit breitt tilbod på nett, TV, radio og lyd. NRKs kjerneverksemd er produksjon og formidling av innhald til publikum.

NRKs oppdrag er å oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet. NRK har forplikta seg til å utøve verksemda i tråd med høge standardar for forretningsetikk. Å utøve ansvarskjensle når det gjeld menneskerettar og anstendig arbeidsliv er sentralt for å oppnå dette målet. Arbeidet er forankra i NRKs styre og toppleing.

NRK forvaltar offentlege midlar. Med dette følgjer stor innkjøpsmakt og samfunnsansvar. NRK skal derfor etterspørje varer og tenester som er tilverka etter høge etiske og sosiale standardar for arbeids- og miljøforhold, både i eiga verksemd og i leverandørkjeda. NRK er underlagt lov om offentlege innkjøp, med unntak for innkjøp, utvikling, produksjon eller samproduksjon av programmateriale som er berekna på kringkasting¹. Lov om offentlege anskaffingar § 5 pålegg NRK å fremje respekt for grunnleggjande menneskerettar.

NRK har etablert eigne etiske retningslinjer for forretningspartnarar og har implementert krav og prosessar til arbeid med ansvarleg verksemd, under dette integrering av arbeid med menneskerettar og anstendig arbeidsliv i interne styringsdokument.

NRK har varslingsrutinar for tilsette, som sikrar at varsel om kritikkverdige forhold blir handterte i tråd med reglane i arbeidsmiljølova. NRKs forretningspartnarar er, gjennom NRKs etiske retningslinjer for forretningspartnarar, pålagde å varsle NRK dersom det ligg føre brot, eller mistanke om brot, på lov, forskrift og/eller

dei etiske retningslinjene. NRK har også, ved å gjere kontaktinformasjon på NRK.no lett tilgjengeleg, lagt til rette for at alle kan ta kontakt med NRK.²

NRKs arbeid med openheitslova er organisert slik at NRKs funksjon for etterleving og risikostyring har overordna ansvar for NRKs etterleving av lova.

Når det gjeld NRKs journalistiske arbeid, gjennomfører redaksjonane løpande aktsemdsvurderingar knytt til presseetikk, medierett og journalistars tryggleik. NRK følgjer dei etiske normene som er nedfelte i Vær Varsom-plakaten og skal halde ein høg presseetisk standard i alt journalistisk arbeid. Klagar på journalistikken kan rettast til redaksjonane eller Pressens Faglige Utvalg.

2. Kartlegging og vurdering av negativ påverknad/ skade

NRK gjennomfører årleg ein overordna analyse for å kartlegge risiko for brot på relevante lovar og reglar, og dessutan risiko for faktiske skadar eller potensielle negative konsekvensar. Analysen tek utgangspunkt i bransjerisiko, geografisk risiko og produktrisiko. NRKs verksemd går føre seg i det vesentlege i Noreg, og den største delen av NRKs innkjøp skjer frå norske leverandørar. Risikoen blir generelt rekna som låg. Det er utgangspunktet for NRKs tilnærming til varsemdvurderingar i eiga verksemd og i leverandørkjeda.

2.1 Eiga verksemd
Det er ingen endringar i NRKs risikovurdering etter openheitslova for eiga verksemd frå 2024 til 2025. NRK har framleis identifisert risiko knytt til:

- verksemd med produksjon heile døgnet
- bruk av barn i produksjonar, etter særskilt løyve frå Arbeidstilsynet til å ha barn og unge i arbeid ved utvikling av programinnhald
- fysisk og psykisk risiko på redaksjonelle risikooppdrag
- diskriminering og trakassering av redaksjonelle medarbeidarar frå publikum

NRK har på plass fleire tiltak for å handtere risiko innanfor arbeidsmiljø. Det blir mellom anna gjennomført medarbeidarundersøkingar, risikovurderingar og vernerundar. Alle produksjonar med barn gjer eigne risikovurderingar, med særleg fokus på tilstrekkeleg kvile og låg eksponering. Omfanget av truslar og trakassering blir kartlagt annakvart år, og det er etablert eigne rutinar

1 Anskaffingsforskrifta § 2–4 b.
2 <https://info.nrk.no/innsyn/>

for oppfølging og varetaking etter belastande oppdrag. I tillegg gjennomfører NRK eigne trusselvurderingar som dannar grunnlag for arbeidet med å følge opp risiko knytt til journalistane. NRK har i 2025 vurdert trusselnivået for vald, truslar og uønskt merksemd som moderat. For journalistar som er til stades i høgrisiko-område, som Ukraina og Israel, vert risikoen for å bli utsett for vald rekna som høgare enn nivået for NRK generelt. Her er det sett inn særskilde tiltak.

Det er i 2024 ikkje identifisert forhold som har forårsaka eller bidrege til negativ påverknad i ein slik grad at forholdet må vurderast stansa.

2.2 Nytt hovudkontor

NRK skal byggje nytt hovudkontor på Normannsløkka i Oslo. Byggjeprosjektet blir handtert av NRKs dotter-selskap, Ensjøveien 7 AS. Det har i 2025 vore rivearbeid på tomta, i tillegg til arbeid med planforslag og konkurransar for å finne arkitekt og samspelentreprenørar. Prosjektet har etablert rutinar for å følge opp alle partar i bygge-prosjektet for å forhindre at negative forhold oppstår. Entreprenøren har rutinar for å kontrollere og følge opp underleverandørane sine. Alle leverandørane for prosjektet vil bli vurdert før kontraktsinngåing, og dei vil bli følgt opp under utføringa, i samarbeid mellom samspelentreprenøren og NRK. Dette arbeidet har fokus i prosjektet og i dei styrande organa for prosjektet.

2.3 Forretningspartnarar og leverandørar

NRK har ei risikobasert tilnærming til aktsemds-vurderingar av forretningspartnarar og leverandørar. NRKs største forretningspartnarar og leverandørar frå utlandet er i all hovudsak europeiske selskap som leverer programvare, maskinvare og redaksjonelt innhald. Vidare kjøper NRK inn ferdige produksjonar frå selskap i heile verda.

NRK har fokus på å utføre aktsemdsvurderingar på avtaleområde med høg risiko. Til dømes blir produksjons-stad vurdert, og innsatsfaktorar som blir nytta i produkt som NRK kjøper.

NRK implementerte i 2025 eit system for tredjeparts-kontroll, som automatiserer kommunikasjon og gjennomfører bakgrunnsundersøkingar og monitorerer relevante forretningspartnarar. Systemet har styrkt NRKs evne til betre kontroll og betre innsikt i risiko knytt til samarbeid med tredjepartar. NRK følgjer opp avvik frå krava våre gjennom ordinær leverandøroppfølging. NRKs funksjon for etterleving har sett krav til at nye forretningspartnarar NRK inngår avtale med, skal gjennom slik kontroll.

I 2025 gjennomførte NRK ein særskild gjennomgang av forretningspartnarar med tilknytning til Israel. Dette med bakgrunn i risiko for direkte eller indirekte negativ påverknad på menneskerettsforhold i tilknytning til Israels

krigføring. NRK følgjer norske styresmakters tilrådingar, inkludert FNs liste over selskap som har aktivitetar i Israels okkuperte område i Palestina. Gjennomgangen avdekte at NRK tidlegare har kjøpt inn ein dokumentar frå eit selskap på nemnde liste, og at denne dokumen-taren låg tilgjengeleg på NRKs plattformer. For NRK sin del kan det liggje føre redaksjonelle omsyn som tilseier at NRK ikkje skal avslutte eit slikt forhold; det vil i denne konteksten bety å avpublisere innhaldet. I dette konkrete tilfellet låg det likevel ikkje føre redaksjonelle omsyn som vog tyngre enn ordinære forretningsetiske vurder-ingar, og NRK vedtok å avslutte avtaleforholdet ved å avpublisere dokumentaren.

NRK fekk i september 2025 eit opprop frå fagforeininga NTL, der NRK vart bedd om å sikre etisk ansvarskjensle i val av teknologileverandørar. NTLs bekymring var særskilt knytt til amerikanske teknologiselskaps påståtte bidrag til Israels okkupasjon av Palestina eller til menneskerettsbrot. NRKs bruk av denne typen tenester er gjennom avtalar med norske selskap, som forhandlar lisensar på vegner av selskapa. NRK har initiert dialog med utvalde selskap for å forstå og sikre korleis dei etiske krava våre blir følgde opp i denne leverandørkjeda. NRK har også delt med NTL korleis det blir jobba med denne typen problemstillingar gjennom aktsemdsvurderingar.

NRK har identifisert risiko knytt til kjøp av redaksjonelt innhald frå norske og internasjonale selskap. NRK krev derfor at alle selskap som får ein publiserings- og investeringsavtale, svarer på spørsmål om deira bruk av underleverandørar, og om dei gjennomfører risikobaserte aktsemdsvurderingar av forretningspartnarar, og om dei har program for HMS og anti-korrupsjon, og dessutan skriftlege etiske retningslinjer og policy for berekraft. Selskap som melder avvik frå NRKs krav, blir følgde opp. I tillegg vil NRK frå 2026 be om informasjon om underleverandørar, opptaksland og HMS-vurdering for kvar enkelt produksjon.

Det har ikkje vorte identifisert forhold som har forårsaka eller bidrege til negativ påverknad i ein slik grad at forholdet må vurderast stansa.

3. Andre tiltak og aktivitetar

I tillegg til dei aktivitetane som er beskrivne ovanfor, vil NRK framleis jobbe vidare med å få ei betre oversikt over NRKs eksisterande leverandørkjede og der første-leddprodusentar til varer NRK kjøper inn, held til.

Gjennom rettsavtalar innan sport dekker NRK store og samlande sportsarrangement som OL og VM. I 2026 vil VM i fotball arrangerast på det amerikanske kontinentet. NRK Sport vil ha særskilt fokus på tryggleik for tilsette som skal dekke arrangementet på plass i USA (i nært samarbeid med korrespondentane i NRK Nyheiter). I tillegg vil det vere fokus på menneske- og arbeidstakarrettar ved bruk av lokale tenester.

4. NRK Aktivum AS

NRK Aktivum AS er eit heileigd dotterselskap av NRK. NRKs kommersielle verksemd blir driven gjennom dette selskapet. Selskapet har til oppgåve å utvikle og omsetje NRKs rettar, produkt og kommersielle tenester. Også NRK Aktivum AS er underlagt openheitslova.

Krava til forankring av ansvarskjensle i NRK er også implementert i NRK Aktivum AS. Det inneber at NRK Aktivum AS følgjer dei same retningslinjene og krav som NRK når det gjeld openheitslova. I praksis vil leverandørkjeda til NRK Aktivum AS i stor grad vere den same som for NRK, sidan NRK Aktivum AS i hovudsak sel rettar til program som NRK har betalt for produksjonen av. Leverandøren vil i eit slikt tilfelle allereie vere varsemdvurdert av NRK, og NRK Aktivum AS legg desse vurderingane til grunn.

Det er ikkje identifisert forhold som har forårsaka eller bidrege til negativ påverknad i ein slik grad at forholdet må vurderast stansa.

Oslo, 7. april 2026 (elektronisk signert)		
Jan Erik Kjerpeseth styreleiar	Åsne Havnelid	Shahzad Abid
Arild Grande	Hege Aasen Veiseth	Torunn Myhre
Elin Fossum	Vibeke Furst Haugen administrerende direktør/ kringkastingssjef	Erik Vold
Oslo, 7. april 2026, for NRK Aktivum AS (elektronisk signert)		
Andreas Norvik styreleiar	Ole André Hansen styremedlem	Stine Temte daglig leiar

Nøkkeltal 2021-2025

Økonomisk utvikling NRK konsern siste fem år

NRK konsern (tal i heile '000)					
	2021	2022	2023	2024	2025
Statstilskot / Kringkastingsavgift	5 879 076	6 001 500	6 219 321	6 443 263	6 688107
NRK Aktivum, royalties og sal av produksjonsressursar	89 346	71 243	79 484	62 706	55 595
Offentlege tilskot	16 631	75 976	61 388	89 015	42 142
Sal av arkivmateriale og program	13 520	25 664	31 831	38 486	40 640
Inntekter frå husleige og parkering	1 686	9 859	7 622	5 336	10 913
Vinst avgang anleggsmiddel	0	0	220	0	9 511
Andre inntekter	22 911	37 071	38 279	41 825	20 260
Sum anna driftsinntekt	144 093	219 813	218 824	237 367	179 062
Sum driftsinntekter	6 023 169	6 221 313	6 438 145	6 680 630	6 867 169
Behaldningsendring	-36 366	-139 850	14 923	10 355	21 822
Løningar	2 560 231	2 801 335	2 759 938	2 964 032	2 937 003
Arbeidsgjeveravgift	353 527	335 586	397 163	410 261	415 605
Andre ytingar	1 731	-42 532	-27 089	-158 264	-74 811
Sum lønskostnad	2 915 489	3 094 388	3 130 012	3 216 029	3 277 797
Omstillingskostnad	24 685	46 648	13 672	78 138	16 978
Ytingsordningar	8 209	3 759	4 307	4 601	5 298
AFP fellesordninga	50 546	56 022	57 435	63 165	64 702
Innskotspensjon	187 338	200 160	203 466	223 108	236 971
Kompensasjon avvikla YTP, anna	42 735	39 364	36 513	34 356	32 212
Sum pensjonskostnad	289 330	299 306	301 720	325 231	339 183
Honorar og framandytingar	225 845	229 546	166 707	175 504	143 386
Avskriving og nedskriving	278 952	325 144	326 859	298 343	312 552
TV	119 354	104 102	112 623	114 486	114 561
Radio - analog	503	384	443	531	452
Radio - digital	192 184	198 351	210 582	219 595	225 014
Nett	31 333	29 282	34 951	32 466	34 103
Kontribusjon (eigendistribusjon)	16 228	16 759	17 896	15 119	15 199
Andre	3 462	3 534	3 040	3 568	1 765
Sum sendetekniske kostnader	363 063	352 412	379 534	385 765	391 093

NRK konsern (tal i heile '000)					
	2021	2022	2023	2024	2025
Rettigheiter	1 126 060	1 114 840	1 211 759	1 321 663	1 314 928
Tap på fordringar	-59 875	-23 847	-10 374	-450	2 395
Kjøp og vedlikehald utstyr m.m.	233 738	258 510	289 877	289 078	331 146
Kostnader lokale	155 615	171 457	181 153	187 115	219 434
Reisekostnader	65 849	119 008	114 912	125 336	103 112
Leige utstyr/tenester	236 681	291 575	233 834	225 378	239 437
Tele, data og porto	24 500	26 242	23 724	21 949	20 916
Andre driftskostnader	188 984	193 889	213 432	231 599	209 307
Sum andre driftskostnader	1 971 551	2 151 674	2 258 317	2 401 668	2 440 675
Kostnader knytt til nytt hovudkontor	15 458	28 916	87 233	74 983	56 753
Sum driftskostnader	6 048 008	6 388 183	6 678 977	6 966 017	7 000 239
Resultat frå tilknytta selskap	986	1 656	2 777	1 129	1 085
Driftsresultat (EBIT)	-23 853	-165 215	-238 055	-284 258	-131 983

Kostnadsutvikling NRK AS siste fem år

NRK AS (tal i heile '000)	2021	2022	2023	2024	2025
Behaldningsendring					
Eigenproduksjon til lager	-155 760	-245 682	-217 281	-210 056	-201 934
Eigenproduksjon frå lager	119 394	105 832	232 204	220 411	223 756
Behaldningsendring netto	-36 366	-139 850	14 923	10 355	21 822
Lønnskostnad					
Løningar	2 557 737	2 801 611	2 759 938	2 964 032	2 937 003
Arbeidsgjeveravgift	353 139	335 586	397 163	410 261	415 605
Andre ytingar	-3 538	-42 808	-27 089	-158 264	-74 811
Sum lønskostnad	2 907 337	3 094 388	3 130 012	3 216 029	3 277 797
Omstillingskostnad	24 685	46 648	13 672	78 138	16 978
Pensjonskostnader					
Ytingsordningar	8 209	3 759	4 307	4 601	5 298
AFP fellesordninga	50 545	56 022	57 435	63 165	64 702
Innskotspensjon	187 161	200 160	203 466	223 108	236 971
Kompensasjon avvikla YTP, anna	42 658	39 364	36 513	34 356	32 121
Sum pensjonskostnad	289 074	299 306	301 720	325 231	339 183
Honorar og framandytingar	228 251	243 827	187 566	174 585	146 722
Avskrivning og nedskrivning	264 566	274 372	276 087	272 169	292 933
Sendetekniske kostnader					
TV	119 354	104 102	112 623	114 486	114 561
Radio - analog	503	384	443	531	452
Radio - digital	192 184	198 351	210 582	219 595	225 014
Nett	31 333	29 282	34 951	32 466	34 103
Kontribusjon (eigendistribusjon)	16 228	16 759	17 896	15 119	15 119
Andre	3 462	3 534	3 040	3 568	1 765
Sum sendetekniske kostnader	363 063	352 412	379 534	385 765	391 093

NRK AS (tal i heile '000)	2021	2022	2023	2024	2025
Programkjøp og rettigheiter					
Kjøp av norsk innhald	469 749	466 868	477 471	542 704	554 072
Visningsrettigheiter	117 592	108 232	132 054	112 234	112 570
Sportsrettigheiter	258 557	216 517	243 281	279 775	224 694
Musikkrettigheiter	221 050	223 187	256 452	274 885	281 651
Andre forpliktingar	105 153	100 036	102 500	112 065	130 025
Sum programkjøp og rettigheiter	1 172 100	1 114 840	1 211 759	1 321 663	1 303 012
Tap på fordringar (k-avgift)	-59 875	-23 961	-10 352	-689	-61
Andre driftskostnader					
Kjøp og vedlikehald utstyr m.m.	233 741	258 508	289 877	289 078	331 145
Kostnader lokale	155 517	167 201	176 087	183 797	216 544
Reisekostnader	65 847	118 990	114 785	125 183	102 998
Leige utstyr/tenester	235 727	291 575	233 834	225 378	239 437
Tele, data og porto	24 500	26 242	23 724	21 949	20 916
Andre driftskostnader	128 921	178 078	177 233	196 051	219 587
Sum andre driftskostnader	844 252	1 040 594	1 015 540	1 041 436	1 130 628
Sum driftskostnader	5 997 088	6 302 576	6 520 462	6 824 683	6 920 106


Del til norske TV-produsentar

NRK søker dei beste idéane uavhengig av kven som produserer, og mykje av det eksternt produserte innhaldet er svært godt motteke av publikum.

Eksterne produksjonar, saman med internprodusert innhald og målretta internasjonale innkjøp, bidreg til ein sterk og variert innhaldspakke for publikum. Den norske produksjonsbransjen leverer innhald av høg kvalitet, tilpassa NRKs oppdrag og behov. NRK har gradvis auka investeringane i eksterne produksjonar.

NRK skal ifølgje vedtektene legge ut minimum 40 prosent av det frie programbudsjettet for TV til eksterne produsentar. Delen blir berekna som eit gjennomsnitt over tre år.

Kravet vart teke inn i vedtektene i 2018. Det frie programbudsjettet for TV er all investering i TV-innhald i eitt år, fråtrekt investering i nyheiter, sport, distriktssendingar, innhald frå NRK Sápmi, og dessutan kjøp av visningsrett til internasjonale produksjonar.



Åra 2018–2020 utgjorde den første treårsperioden. Gjennomsnittet i denne perioden var 42 prosent, godt over minimumskravet. Etter den første perioden har eksterntprosenten utvikla seg slik:

2019-2021:	43,8%
2020-2022:	45,5%
2021-2023:	46,8%
2022-2024:	49,7%

For den gjeldande perioden, åra 2023–2025, aukar andelen til eksterntproduksjon ytterlegare, til 51,8 prosent. Grafen under viser rullerande treårs-snitt av kostnader til eksterne produsentar, og dessutan prosentdel av samanliknbar TV-ramme.

Andre eksterne investeringar
NRK bestiller også radio- og lydinnhald frå eksterne produsentar. Dette er investeringar som ikkje er medrekna i rapporteringskravet.

Ei rekkje større NRK-produksjonar brukar i stor grad kompetanse frå den eksterne produksjonsbransjen. Heller ikkje desse investeringane er medrekna i målinga.

NRK har også samarbeid med fleire kulturinstitusjonar, universitet og stiftingar om vidareformidling av innhald.

Nøkkeltal siste fem åra

Den følgjande tabellen syner 30 sentrale nøkkeltal for kvart av dei fem åra i perioden, innanfor områda publikum, statsstøtte/skatt, omdømme, innhald, bemanning og økonomi.

Nøkkeltal for NRK AS	2021	2022	2023	2024	2025	Talverdiane
Publikum						
11 Dagleg dekning NRK totalt	92 %	91 %	91 %	91 %	91 %	% av befolkninga
12 Marknadsdel på kringkasta TV	43 %	42 %	42 %	41 %	41 %	% av befolkninga
13 Marknadsdel Radio totalt	66 %	65 %	65 %	66 %	67 %	% av befolkninga
14 Dagleg dekning NRK.no eks Yr	48 %	48 %	46 %	44 %	46 %	% av befolkninga
15 Dagleg dekning NRKTV (nett-tv)	24 %	25 %	26 %	27 %	28 %	% av befolkninga
16 Tid brukt på medium totalt **	385	341	318	308	305	Minutt pr. person pr. dag
17 Tid brukt på NRK **	128	114	108	105	102	Minutt pr. person pr. dag
Statsstøtte / skatt						
24 Valuta for skatten	72 %	71 %	74 %	76 %	70 %	% av befolkninga (15+)
Omdømme						
31 Tillit i befolkninga *	85 %	86 %	86 %	86 %	80 %	% av befolkninga (15+)
32 NRK viktig for samfunnet *	83 %	82 %	84 %	84 %	77 %	% av befolkninga (15+)
33 NRK viktig for deg *	68 %	69 %	68 %	70 %	66 %	% av befolkninga (15+)
Innhald						
41 Antall kanalar TV / Radio	3 / 13	3 / 13	3 / 13	3 / 13	3 / 13	Tal på kanalar 24/7
42 Distriktssendingar NRK1 / P1	10 / 15	10 / 15	10 / 15	10 / 15	10 / 15	Tal på kanalar
43 Tilgjengeleg innhald i NRK TV	176 000	202 000	220 000	240 000	250 000	Tal på titlar
44 Tilgjengeleg innhald i NRK Radio	432 000	509 000	482 000	528 000	462 000	Tal på titlar ***
45 Nyheiter/ Aktualitet / Fakta	41 %	42 %	41 %	44 %	44 %	Andel ressursbruk
46 Kultur / Musikk / Underh / Drama	49 %	49 %	49 %	46 %	47 %	Andel ressursbruk
47 Sport	10 %	9 %	10 %	11 %	9 %	Andel ressursbruk
48 Eksterne produsentar	469 700	466 900	477 500	542 700	554 100	Kroner x 1000
Bemanning						
51 Stillingar fast tilsette	3 208	3 227	3 221	3 249	3 137	Tal på årsverk (FTE)
52 Lønsutvikling	2,7 %	3,7 %	5,2 %	5,2 %	4,5 %	% for oppgjera
53 Tilsette utanfor Oslo	28 %	29 %	30 %	30 %	30 %	% av alle tilsette
54 Kvinneandel alle / leiarar	47 / 55	46 / 55	47 / 54	47 / 54	47 / 54	% av alle tilsette
55 Turn-over (ekstern)	5,8 %	5,4 %	6,2 %	3,8 %	6 %	% slutta
Økonomi						
61 Resultat	5 453	-54 542	-73 889	-129 441	-43 947	Kroner x 1000
62 Sum driftsinntekter	6 006 939	6 210 510	6 432 209	6 677 572	6 868 526	Kroner x 1000
63 Statstilskot/k-avgift (%andel)	97,9 %	96,6 %	96,7 %	96,5 %	97,4 %	% av sum driftsinntekt
64 Lønskostnader	2 907 337	3 094 388	3 130 012	3 216 029	3 277 797	Kroner x 1000
65 Sum eigedelar	3 794 323	4 158 995	4 553 443	4 593 720	5 894 448	Kroner x 1000
66 Eigenkapitaldel	45 %	39 %	34 %	31 %	24 %	%-del av totalkapital

*) Grunna omlegging av metoden for undersøkinga kan ein ikkje samanlikna tala frå 2025 med året før
**) Førebelse tal for 2025 basert på årsrapporten frå Kantar 24timer (publiserte feb 2026)
***) 395 000 radioprogrammer og 67 000 podcaster

Allmennkringkastarrekneskapane for dei enkelte åra dekkjer utførleg områda innhald, publikum og omdøme. Denne rapporten har sett søkelys på driftsøkonomien og bemanningstal.

Forklaringar til tabellen på førre side:

- Linje 11: Kjelde: Kantar Forbruker & Media for NRK
- Linje 12: Kjelde: Kantar media TVOV-undersøkinga
- Linje 13: Kjelde: Nielsen TEAM PPM
- Linje 14: Kjelde: Kantar Forbruker & Media for NRK
- Linje 15: Kjelde: Kantar Forbruker & Media for NRK
- Linje 16: Kjelde: Kantar 24 timer/Forbruker & Media-undersøkinga
- Linje 17: Kjelde: Kantar 24 timer/Forbruker & Media-undersøkinga
- Linje 24: Kjelde: NRKs Profilundersøking, Norstat. Sum av svara «svært» eller «ganske stor grad».
- Linje 31: Kjelde: NRKs Profilundersøking, Norstat. Sum av svara «svært» eller «ganske godt» på om NRK oppfyller allmennkringkastingsoppdraget.
- Linje 32: Kjelde: NRKs Profilundersøking, Norstat. Sum av svara «svært» eller «ganske godt inntrykk».
- Linje 33: Kjelde: NRKs Profilundersøking, Norstat. Sum av svara «svært» eller «ganske viktig».
- Linje 41: Talet på radiokanalar tel DAB. Reine nettkanalar og tenester kjem i tillegg.
- Linje 43 og 44: Talet på titlar gjeld alle typar program, inkludert alle nyheitssendingane. Cirka 40 prosent av radiotitlane gjeld nyheiter.
- Linje 51, 53 og 54: Status er per dato 12. desember kvart år.
- Linje 52: Oppgitte prosenttal er resultatet av dei årlege lønnsforhandlingane i NRK.
- Linje 55: Turn-over er sum slutta i NRK i forhold til årsgjennomsnitt for sum stillingar. Talgrunnlaget er faste stillingar.

NRK

2025